



**UiT** Noregs arktiske universitet

Det helsevitenskapelige fakultet Idrettshøgskolen

## **Vegen til toppfotballen**

Ein studie av spelarutvikling på norske toppfotballspelarar

Tore Kannelønning

Masteroppgåve i Idrettsvitenskap. IDR-3901. 05.2021.



## Samandrag

I denne masteroppgåva har eg sitt på kva delar av miljøet rundt den norske toppfotballspelaren som har vore viktig for å ha nådd norsk toppfotball for menn og kvinner. Eg har brukt ein holistisk økologisk tilnærming. Ei slik tilnærming gjer at det er mogleg å sjå etter og finne komponentar som enten påverkar toppfotballspelaren eller miljømessige suksessfaktorar. Talentutviklingsmiljø-modellen og Miljøsuksess-modellen til Kristoffer Henriksen (2010), vart nytta som teorigrunnlag. Tidlegare forskning har vist at det ikkje går an å spå kven som lukkast basert på talent, men at det er meir enn bare talentet som tilseier dette (Carlson, 1988).

I masteroppgåva har eg gjennomført ein kvalitativ studie med åtte semi-strukturerte intervju med fire menn og fire kvinner, som til dagleg spelar i ein klubb frå Eliteserien og Toppserien. Klubbane var ulike. Intervjua vart analysert ved hjelp av Aksel Tjora (2021) sin stegvis-deduktiv induktiv metode.

Eg fann ut at følgande komponentar i miljøet hadde vore viktige i fotballkarrieren for fleire av toppfotballspelarane: Familie, skule: Vidaregåande skule, klubb, lag, lagkameratar/venner, trenar, organisasjon: Norges Fotballforbund og føresetnadar i klubb i form av ressursar. Det var heller ingen klare skilnadar mellom menn og kvinner. Sjølv om dette var viktige komponentar i miljøet for å nå toppfotballen, så viser studien min også at ikkje alle hadde gått den same vegen for å bli ein norsk toppfotballspelar. På bakgrunn av dette kjem det fram at ikkje alle disse komponentane er like viktig for den enkelte toppfotballspelaren. Det var altså fleire måtar og vegar å gå for og lykkast til og bli ein norsk toppfotballspelar.



## Forord

Denne masteroppgåva representerer to lærerike år ved det Arktiske Universitet i Alta, som har gitt meg innsikt, kunnskap og forståing om spelarutvikling innafor fotball. Eg er glad prosessen har gitt meg meir kunnskap om det å vera fotballtrenar, samt idrettslærer. Arbeidet med masteroppgåva har vore tungt i periodar med kombinasjon av mykje jobb og ein ny tilvære som far. Likevel har denne prosessen vore kjekk og givande, og arbeidet med masteroppgåva har gitt meg meir enn eg hadde trudd på førehand.

Det er fleire som må takkast. Takk til min vegleiar, Eivind, for råd og vegleiing under heile prosessen. Eivind har vore til stor hjelp med gode og raske tilbakemeldingar, samt samtalar under skrivinga . Takk for at du har vore tilgjengeleg og takk for din tålmod.

Eg vil også rette ei takk til intervjusubjekta mine, som i det heile tatt orka å bruke tid av sin travle kvardag for å stille opp i denne masteroppgåva. Eg takkar audmykt for dette, og ikkje minst for deling av kunnskap og openheita dykk hadde i gjennomføringa av intervjuet. Eg vil ynskja de alle lukka til vidare i fotballkarrieren og i livet.

Takk òg til lærarar og studentar ved UiT, i Alta. Det har vore ein fornøyelse å bli kjent med dykk og eg har fått mykje igjen for dei gode faglege diskusjonane me har hatt i lag. Turane opp til Alta heilt i frå Vestlandet har vore kjekke, og det var synd at Covid-19 sette ein stoppar for dette. Takk til lærarar for nyttig læring og tips. Eg vil rose dykk for at de gjorde slik at me klarte å gjennomføre studiet på den best alternative måten.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke min næraste familie for støtte og motivasjon gjennom heile prosessen. Takk til alle som har bidrege med logistikk rundt barnepass og anna. Takk til sambuaren min, Rebecca, som alltid motiverer, hjelp til og passar på at eg arbeidar. Takk til min no 10 månadar gamle gut, som har vore flink til å sove lenge slik at eg har fått tid til jobbe med masteroppgåva. Eg må også takke han for sitt blide humør når eg har vore trøtt og lei. Eg ser fram til å fortsette samarbeidet med guten min i pappaperm, utan masterarbeidet.

Stord, mai 2021.

Tore Kannelønning



## Innholdsfortegnelse

<b>Samandrag</b> .....	<b>iii</b>
<b>Forord</b> .....	<b>v</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 <i>Problemområde</i> .....	3
1.2 <i>Problemstilling</i> .....	8
<b>2 Teoretisk rammeverk</b> .....	<b>9</b>
2.1 <i>Modellar for teoretisk rammeverk</i> .....	10
2.2 <i>Talentutviklingsmiljø-modellen</i> .....	12
2.3 <i>Miljøsuksess-modellen</i> .....	15
2.4 <i>Kjenneteikn på eit suksessfullt miljø</i> .....	17
<b>3 Metode</b> .....	<b>19</b>
3.1 <i>Kvalitativ metode og forskingsdesign</i> .....	19
3.2 <i>Vitskapsforankring – Fenomenologisk hermeneutisk</i> .....	20
3.3 <i>Semi-strukturert intervju</i> .....	21
3.4 <i>Forskaren si rolle</i> .....	21
3.5 <i>Strategisk utval</i> .....	22
3.6 <i>Gjennomføring av intervju</i> .....	24
3.7 <i>Etiske refleksjonar</i> .....	26
3.8 <i>Transkripsjon</i> .....	26
3.9 <i>Analyse av data</i> .....	27
3.10 <i>Stegvis-deduktiv induktiv metode</i> .....	27
3.10.1 <i>Koding med empirinære kodar</i> .....	28

3.10.2	Gruppering av koder .....	30
3.10.3	Utvikling av konsept .....	30
3.11	<i>Forskingskvalitet</i> .....	34
<b>4</b>	<b>Resultat og diskusjon</b> .....	<b>36</b>
4.1	<i>Talentutviklingsmiljø-modell</i> .....	36
4.1.1	Mikronivå – ikkje idrettsleg domenet .....	36
4.1.2	Mikronivå – idrettsleg domenet .....	41
4.1.3	Makronivået idrettsleg domenet .....	48
4.2	<i>Miljøsuksess-modell</i> .....	53
4.2.1	Føresetnadar .....	53
<b>5</b>	<b>Konklusjon</b> .....	<b>57</b>
<b>6</b>	<b>Kjelder</b> .....	<b>62</b>
<b>7</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>66</b>





# 1 Innleiing

I dette kapitlet blir det presentert ei innleiing til temaet, samt problemområde og problemstillinga til denne masteroppgåva 2020/2021.

Fotball er ein populær idrett. Dette vises med at det er over 240 millionar menneske som spelar fotball regelmessig rundt om i verda, der over 20 millionar av dette talet er kvinnelege fotballspelarar (FIFA, 2001). I følge Stølen, Chamari, Castagna og Wisløff (2005), er fotball den mest populære idretten i verda. Her heime i Noreg er det også populært å drive med fotball, og i følge årsrapporten til Norges fotballforbund for sesongen 2019, var det totalt 254 966 mannlege og 111 804 kvinnelege aktive fotballspelarar, fordelt på 28 213 lag i Noreg (Madsen, 2020). For fotballåret 2020 med Corona-pandemien, viser tala at det er ein nedgang til 26 675 lag, medan talet på aktive mannlege og kvinnelege fotballspelarar ikkje er klart før i august 2020 (Madsen, 2021).

Svært mange går med ein draum om å bli fotballproff, som vil sei at arbeidsdagen består av å få betalt for å spele fotball (Roderick, 2006). I tala frå FIFA om fotballeksonen 2018/19, står det at det var 128 983 profesjonelle fotballspelarar rundt om i verden i heile 2903 profesjonelle klubbar. I Noreg var det 1483 profesjonelle fotballspelarar, der 77 % (1142) av dei var norske, og det var 32 profesjonelle klubbar. For ein samanlikning kan ein nemne dei tre landa med flest profesjonelle fotballspelarar: Dette er Mexico med 9753 profesjonelle fotballspelarar der 96 % er frå eige land, Brasil med 9177 profesjonelle fotballspelarar der 90 % er frå eige land og England med 5935 profesjonelle fotballspelarar der 43 % er frå eige land (FIFA, 2019). For fotballåret 2019/20 har fleire av Noreg sine proffar i utlandet gjort sine saker bra, som til dømes Martin Ødegaard (Real Madrid og Arsenal), Erling Braut Haaland (Borussia Dortmund), Maren Mjelde (Chelsea) og Caroline Graham Hansen (Barcelona). Dette er talentfulle norske fotballspelarar som pregar fotballen utanfor Noreg.

I følge Carlson (1988) er det ikkje mogleg å spå kven som lukkast i nå toppen basert på talent, men at det er mykje meir enn bare talentet som er med på å bestemme dette. Eit talent kan karakteriserast av eigenskapar som kan overførast genetisk, som også er delvis medfødt. Eit talent er kanskje ikkje tydelig i tidleg alder, men det vil vera nokon indikatorar som gjer det mogleg for trenarar å identifisera tilvera. I motsetning til Carlson (1988)

sin forskingsbaserte kunnskap om talent, kan ein tidleg indikator for talent kunne gi grunnlag for å kunne føreseie dei individa som meir eller mindre sannsynleg vil lukkast på eit seinare tidspunkt (Howe, Davidson & Sloboda, 1998). Eit talent kan forklarast med at det er eit individ som kan disponere ein spesifikk samhandling av anatomisk-fysiske eigenskapar, evner og andre personlegdomstrekk som gjer det veldig sannsynleg at ho eller han vil oppnå prestasjonsnivået til nasjonale eller internasjonale toppidrettsutøvarar i ein type idrett, så framt at trening og andre miljøforhold er gitt (Uneståhl, 1986). I følge Ommundsen (2008) er talent noko du har, noko du er, noko du kan bli eller noko du kan utvikle. Ein statisk definisjon ser på talent som noko du har arva, noko som inneberer eit fokus på prestasjonsnivået i ein tidleg alder, medan ein dynamisk definisjon ser på talent som noko du kan utvikla. Men korleis kan ein utvikla eit talent?

I følge Ommundsen (2011) kan det å spesialisera idrettsaktiviteten bety overgangen frå idrettsleg mangfald i treningsinnhald med eigenverdi til innsnevring i treningsinnhald med instrumentelt prestasjonsfremjande verdi. Frå konkurransar som arbeidsmåte og middel til læring, til konkurransar som mål i seg sjølv med fokus på prestasjon og resultat. Folk er delt i synet på tidleg spesialisering for å fremme god prestasjon i idrett. Nokon meiner dette er avgjerande, medan andre meiner ungar må trenast fysisk og motorisk allsidig og få erfaring frå ulike idrettar før dei tar til med spesialisert idrettsopplæring (Ommundsen, 2011).

Russell (1989) har delt talentomgrepet inn i fire omgrep som atterspeglar ulike delar av prosessen i spelarutviklinga. Dei fire omgrepa er seleksjon, identifisering, utvikling og oppdaging. Utvikling handlar om å legge til rette for trening og utvikling av spelarane til at dei får realisert sitt potensial til det maksimale. Eit talent kan bli tidleg identifisert av ulike program, og blir ofte valt i håp om at den enkelte skal bli den beste som vaksen, medan ein meir avgjerande prosess for utvikling og pleie har i det minste til samanlikning blitt ignorert (Martindale, Collins & Daubney, 2005). I følge studiar gjort av Haulan, Sæther (2011) og Peterson (2004), viser det seg at om du er født tidleg på året, har du stor sjans til å bli selektert til dømes kretslag og aldersbestemt landslag.

Nyare forskning har vist at ein ikkje berre kan sjå på talent, men at ein også må sjå på miljøet rundt fotballspelarane. Forskinga som er gjort på dette feltet visar at det er fleire faktorar

som påverkar unge spelarar si utvikling, men det dei ulike studiane har til felles er at det er vanskeleg å kunne føresjå kven som lukkast (Sæther & Mehus, 2016).

I denne oppgåva vil eg starte med ein introduksjon av tidlegare forskning knytt til teamet, spelarutvikling, før eg vidare vil presentera mitt teoretiske rammeverk. Dette rammeverket er ein holistisk-økologisk tilnærming, der fokuset er på miljøet si rolle i spelarutvikling. I følge Henriksen (2011) vil ei slik tilnærming fokusera på å beskriva eit suksessfullt talentutviklingsmiljø og sjå på faktorar som kan påverka og bidra til at miljøet blir suksessfullt. Deretter vil eg presentera studien sit design og vidare metoden eg har valt. Eg vil reflektera rundt mi eiga forskarrolle. Til slutt vil eg presentera og diskutere mine funn opp mot mitt teoretiske rammeverk, samt annan relevant forskning, før eg avsluttar med ein konklusjon på problemstillinga til denne masteroppgåva.

Det at ein fotballspelar når toppen vil i denne masteroppgåva vere definert som at den aktuelle fotballspelaren spelar til dagleg i norsk toppfotball for menn og kvinner. Fotballspelaren er altså enten ein mannleg eller kvinneleg norsk toppfotballspelar. Norsk toppfotball (NTF) består av Elitserien og OBOS-ligaen for menn (Torjusen, 2016), og for kvinner består det av i dei to øvste seriane, Toppserien og 1.divisjon (Toppserien, 2020). I denne studien kjem toppfotballspelarane eg har intervjuja frå to ulike klubbar, der dei mannlege toppfotballspelarane spelar i ein klubb i Elitserien, medan dei kvinnelege toppfotballspelarane spelar i ein klubb i Toppserien. Det er to ulike klubbar.

## **1.1 Problemområde**

Studiar om karriereutvikling og overgangar av idrettsutøvarar begynte på 1960-talet og har vist eit betydeleg auke på mengde og kvalitet sidan slutten av 1980-talet (Stambulova, Alfermann, Statler & Côté, 2009). Fotball er ein kompleks idrett det mange faktorar spelar inn på kven som blir gode og ikkje (Stolen et al., 2005). Difor har fotball vore eit område av interesse for mange forskarar dei siste tiåra, der det har blitt forsøkt å identifisera faktorar som kan avgjera kvifor nokon spelarar klarar å nå seniorprofesjonell status (Haugaasen, Toering & Jordet, 2014). Tidlegare forskning rundt spelarutvikling har delt seg tradisjonelt opp i to hovudretningar. Den eine retninga har sitt på arv og miljø, det at eit talent har medfødde

eigenskapar, medan den andre retninga har sitt meir på talent som eit resultat av talet på treningstimar (Henriksen, 2011).

I følge Henriksen (2011) så er det å vera eit talent ein samansetning av kompetansar og ferdigheter, der det er utvikla på bakgrunn av både medfødt potensiale og mange års interaksjonar med eit miljø. Dette kan vera i form av trening og konkurranse, og evna til å utnytte miljøet sine styrker og kompensera for miljøet sine svakhetar og til å bidra til miljøets sin fortsette utvikling.

I fotball har spelarutvikling lenge vore, og er framleis, eit aukande forskingsfelt, dette på grunn av ferdighetane og eigenskapane spelarane må ha for å ende opp som profesjonelle fotballspelarar (Williams & Reilly, 2000). Klubbar og trenarar har forskjellige meiningar om kva som skal fokuserast på for å kunne utvikla eit talent (Henriksen, Stambulova & Roessler, 2010). Store delar av forskinga har vore på tema som korleis enkelte faktorar og forhold kan påverka unges spelarar sine utvikling, som til dømes treningsmengde, tekniske ferdigheter og mentale ferdigheter. Medan andre har forska på korleis enkelte miljø utviklar fleire toppidrettsutøvarar enn andre, og har prøvd å sjå suksessfaktorar for utvikling både innanfor og utanfor fotballbanen (Sæther, 2017). I følge Henriksen (2011) er talentutvikling i idrett den løypande gjensidige tilpassinga, som finne sted mellom ein framstormande ung utøvar og eit dynamisk og samansett miljø i både i og utanfor idretten. Talentutvikling er også måten, kor denne interaksjonen understøtte, at utøvaren tileignar seg dei personlege, sosiale og idrettslege ferdigheter, som er krevja i jakta på ein karriere som ein elitesportsutøvar.

For at fotballspelarar skal kunne utvikle seg, er eit mange års forslag at dei må vera i eit talentutviklingsmiljø, som samsvare utøvaranes behov (Williams & Reilly, 2000). Martindale, Collins og Daubney (2005) foreslo at eit talentutviklingsmiljø har fire hovudeigenskapar: langsiktige mål og metodar, omfattande samanhengande støtte og meldingar, meir vekt på passande utvikling enn på tidleg utval, og individuell og pågåande utvikling. Vellukka talentutviklingsmiljø i idretten er definerte som lag eller klubbar som heile tida klarar å produsera toppidrettsutøvarar på grunnlag av deira viktigaste idrettsutøvarar, og gir dei kjelder for å takla framtidige overgangar (Alfermann & Stambulova, 2007). Ein kan sei at ansvaret for å utstyra spelarar med tilstrekkelege ressursar ligg i talentutviklingsmiljøet, og

ikkje i ein spesifikk person eller institusjon (altså den enkelte idrettsutøvar eller klubb) (Larsen, Alfermann, Henriksen & Christensen, 2013). Dette kan vera med på å støtte fotballspelaren i satsinga for å bli ein toppfotballspelar. Skal ein sjå på ressursar i form av økonomi, kan ein i følge Ashworth og Heyndels (2007) sjå at treningsfasilitetar og treningsintensitet er betre med betre økonomi, og at dermed kvaliteten generelt er høgare og betre i toppklubbar, då spelarane får ein betre fotballutdanning ved å vera i ein profesjonell klubb. Funn som Henriksen (2010) gjorde i sin doktoravhandling var at hardt arbeid og innsats over tid blei sett på som nøkkelen til suksess, men også at størrelsen på budsjettet påverkar arbeidet med å utvikla talentfulle utøvarar. I tillegg til dette viste funna at gode føresetnadar var ein fordel, og dermed at det daglege arbeidet med dei føresetnadane ein har, vil vera det viktigaste (Henriksen, 2010).

Talentutviklingsprosessen er vanskeleg og kompleks, mykje grunna det faktumet at det både er ein langsiktig prosess, men også då det er ein kortsiktig yting og prestasjon (Aalberg & Sæther, 2016). Verdas elitesport byr på aukande fysiske og mentale utfordringar for idrettsutøvarar og det stilles stadig større økonomiske krav til sportsorganisasjonar. Idrettssystem som er i stand til å utvikla idrettsutøvarar til dei høgste internasjonale nivåa, vil sannsynlegvis kunne ta i mot økonomisk påkjenning og anerkjenning. Av disse grunnane har talentoppdaging og talentutvikling blitt sentrale utfordringar for alle idrettssystem, og har auka i fokus for forskarar og utøvarar (Abbott, Collins, Martindale & Sowerby, 2002). Prisen på dyktige fotballspelarar fortset å stige, noko som kan forklara tiltrekkinga i å utvikla fotballtalent med tanke på å selje dei eller å skape kommande stjerner i klubbar, som vidare investerer i spelarutvikling. Aukande og tøffare konkurranse betyr at nasjonale foreiningar og organisasjonar deltar, noko som igjen har resultert i ein auke i investeringa i optimalisering av landets talentbank. Talentbank vil sei den store mengde av unge fotballspelarar (og andre atletar), som diffunderer ut og inn av dei utvalde hald. Difor er spelarutvikling i dag ikkje berre eit spørsmål om val og optimalisering av spesifikke, tekniske og taktiske eigenskapar som visar av dei unge spelarane. Det vedgår at det i aukande grad er meir subtile psykologiske og sosiale faktorar kan spela ei viktig rolle i talentet si utvikling (Christensen & Sørensen, 2009).

Teorien, Deliberate practice av Ericsson, Krampe & Tesch-Römer (1993), er rammeverket som forklarar utvikling av ekspertise innafor ulike dugleiksfelt. Eit barn som visar tidleg god

prestasjon kan bli vurdert som eit «naturtalent» sjølv om det eigentleg har fått seg eit talent gjennom øving og trening (Ericsson et al., 1993). Det er kvaliteten på individets deltaking gjennom bevisst praksis. Denne teorien har blitt kritisert for å ikkje ha tatt omsyn til fleire faktorar som kan påverka utviklingsprosessen, som eksempelvis alderseffekt, sosiokulturell kontekst, genetiske predisposisjonar og aktivitetseigenskapar (Haugaasen et al., 2014). Ein motsetning til teorien, *Deliberate practice*, vil vera å sjå på det som Carlson (2011) har gjort i sin studie, som er idrettsutøvars bakgrunn, tidlege erfaringar og personlege eigenskapar, miljøstrukturar og funksjonen til den i utviklinga til elite, og interaktive prosessar mellom utøvaren og det omgivande miljøet.

I følge Henriksen (2011) kan ein forstå utvikling og læring ved å sjå på utviklingsmiljøet til eit individ. Det er ikkje nok å berre fokusera på prestasjonar på banen, ein må også sjå på og undersøka individets mikro- og makromiljø. Dette kan for eksempel vera familie, vener, skule, lagkameratar, trenarar etc. Fleire miljø vil altså prega utviklingsprosessen for utøvaren. Dermed kan eit godt samarbeid med dei ulike arenaene ha betydning. Eit samspel mellom skule og klubb kan gi ein god, fleksibel og trygg kvardag for eit individ. Det kan også bidra til eit auka fokus på dei daglege treningane, som igjen kan medverka til eit stabilt funksjonelt utviklingsmiljø (Henriksen, 2011). I følge Christensen og Sørensen (2009) er dobbeltkarrieren, fotball og skule, ein faktor som påverkar utøvaranes kvardag og utvikling. Forskarar har påpeika at skule- og idrettsarenaen ofte kan ha eit konkurranseforhold som kan verka negativt på utøvaren (Bourke, 2003). Det er dermed viktig at skulen og idretten står fram som samordna, slik at spelarane får ro til å utvikla seg under trygge og stabile forhold (Henriksen, 2010).

Nokon idrettsmiljø (klubbar/lag) er meir vellukka enn andre til å hjelpa sine yngre idrettsutøvarar til å gjera ein vellukka overgang til seniorelitenivå, og ei undersøking av slike miljø vil hjelpe oss til å forstå talentutviklinga (Henriksen et al., 2010). I følge Asworth og Heyndels (2007) kan det hjelpe å vera i ein toppklubb då treningsfasilitetar, treningsintensitet og kvaliteten er generelt høgare og betre i tobbklubbar, og at spelarane difor får ein betre fotballutdanning ved å vera i ein profesjonell klubb (Ashworth & Heyndels, 2007). I eit miljø er føresetnadar dei ressursane enten klubben eller skulen har i form av treningsanlegg, utstyr, trenarar, trenarteam eller materielle og menneskelege ressursar

(Henriksen, 2011). I følge Kaelberer (2019) har kvinnelag dårlegare rammevilkår enn herrelag.

I følge Sæther (2017) er overgangen frå junior til senior den vanskeligaste fasen. Dette fordi spelarane må vise at dei har ferdighetar som står seg mot jamnaldrande, men også i forhold til dei profesjonelle seniorspelarane. Ein kan gå frå å vera ein av dei beste i spelargruppa til å kanskje bli ein av dei svakaste. Få juniorspelarar klarar denne overgangen med å bli ein profesjonell spelar, både når det er snakk om i Noreg eller i utlandet (Sæther, 2017). I følge Sæther (2017) er det tre hovudutfordringar som er kombinasjon av usikkerheita med å satse og totalbelastninga, samt kombinasjonen med skulekvardagen. Det å hospitere og det å gi unge utøvarar tillit innafor trygge rammer for å etablera seg på respektive lag, kan føre til at unge spelarar vil kunne utvikle nivået som er trengs over tid (Joe Baker & Copley, 2009).

I toppidretten er det rapportert om store forskjellar mellom herre- og kvinnefotball både internasjonalt og nasjonalt, spesielt med tanke på ressursar (Allison, 2016). I følge Kaelberer (2019) har kvinnelag dårlegare rammevilkår enn herrelag. Elles vise forskning at kvinnelege fotballspelarar at dei tene betydelig mindre enn mannlege fotballspelarar (Skogvang, 2014). Men i 2020 har fleire Norske lag starta elitesatsing for kvinner, noko som kan forklara at kvinnefotballen er i positiv utvikling, og som vidare kan vera med på å gjera at kvinnefotballen i Noreg vert meir attraktiv for utanlandske spelarar. Fleire av verdas største klubbar satsar no på kvinnelag med god økonomi, som gjer at det er mogleg å satsa stort, i tillegg til ein etablert merkevare som er lettare å selja (Hoel, Ekeland & Barstein, 2019).

Problemområdet til denne oppgåva vil dreie seg om å undersøke suksessfaktorar for utvikling i miljøet innafor og utanfor fotballbanen. Eg har eit ønske om å undersøke både mannlege og kvinnelege toppfotballspelarar. Dette fordi eg i framtida kan kome til å arbeida med begge kjønn innafor fotballen og idrett, både som fotballtrenar og som idrettslærer på skule. Eg vil også sjå om det er liknadar og/eller skilnadar mellom kjønna. Miljøet og dei ulike arenaene står sentralt. Eg vil sjå på kva som har gjort at akkurat dei utvalde for denne studien har lukkast i nå toppfotballen i Noreg. Eg vil prøve å finne ut kva for komponentar frå miljøet som kan ha vore viktige i fotballkarrieren for den enkelte toppfotballspelaren i å nå norsk toppfotball.



## 1.2 Problemstilling

Eg har valt å formulera følgande hovudproblemstilling:

*Korleis kan miljø ha vore med på å utvikla norske toppfotballspelarar?*

I tillegg til hovudproblemstillinga har eg formulert følgande underproblemstillingar:

- *Kva type bakgrunn har dei som har lukkast i nå toppfotballen i Noreg?*
- *Kva har norske toppfotballspelarar erfart at er gode utviklingsmiljø?*

Eg vil i dei to neste kapitla gjere greie for mitt teoretiske grunnlag, samt kva for ein metode eg har nytta for å kunne svare på problemstillinga mi.

## 2 Teoretisk rammeverk

I dette kapittelet blir det presentert kva for eit teoretisk rammeverk eg har brukt som hjelpemiddel for å kunne svare på problemstillinga til denne masteroppgåva.

I følge nyare forskning er det ikkje berre det som føregår på trening som har ein betyding for ein utøvars utvikling, men også det som føregår på andre arenaer, som familie, venner og skulen (Henriksen, 2011). Om ein skal undersøke korleis spelarutvikling føregår i ein klubb eller i eit lag, foreslår Henriksen (2011) at ein burde sjå på sjølve utviklingsmiljøet som spelaren er i. Skal ein kunne forstå talentutvikling må ein heva blikket vekk frå individet og flytte fokuset over miljøet (Henriksen, 2011). Henriksen (2010) har framheva at ein holistisk økologisk tilnærming bidrar med eit rammeverk som kan undersøka korleis den gjensidige påverknaden mellom individ og miljø i studiar på talentutvikling i idrett. Med eit holistisk og økologisk rammeverk, blir fokuset flytta vekk frå individet og meir over på sjølve utviklingsmiljøet. Dette gjer at det vert danna eit meir heilhetleg utviklingsperspektiv som kan brukast som ein holistisk økologisk forklaring (Henriksen, 2010). I følge Henriksen (2010) bør ein skape eit utviklingsmiljø der alle utøvarar blir gitt ein moglegheit til å kunne utvikla seg, då det er vanskeleg å sei kven som komme til å bli best. I følge Henriksen (2008) bør ein difor heller legge til rette for alle. Dette vil bidra til at utøvarar med størst potensial får utvikla seg til å bli best, utan å møte kontekstuelle barrierar eller organisatoriske barrierar (Henriksen, 2008).

I denne masteroppgåva har eg nytta to talentutviklingsmiljø-modellar frå Kristoffer Henriksen sin doktoravhandling (2010). Disse to er Athletic Talent Development Environment (ATDE)-working model og Environment Success Factors (ESF)-modell. Vidare har eg presentert modellane på norsk ved at ATDE-modellen blir til Talentutviklingsmiljø-modellen (TUM-modellen) og ESF-modellen blir til Miljøsuksess-modellen (MS-modellen).

Dei teoretiske modellane skal fungere som eit teoretisk rammeverk for min studie. Den eine blir brukt for å beskrive sjølve miljøet, medan den andre forklarar kvifor miljøet er suksessfullt. Modellane blir brukt som eit rammeverk for meg som forskar, for å rette merkksamheit mot kva ein kan undersøke. Dette kan få betyding for min studie sitt design, samt i fortolkinga av resultatata (Henriksen, 2011). I resultat- og diskusjon-kapittelet vil det

også bli nytta annan relevant forskning. Mitt ynskje har, som nemnt, vore å undersøke miljø og norske toppfotballspelarar. På bakgrunn av dette brukar eg Henriksen (2010) sine modellar om idrett og miljø.

## **2.1 Modellar for teoretisk rammeverk**

Kristoffer Henriksen (2010) har utvikla to modellar som skal kunne gi ein betre metode for utvikling av idrettsutøvarar, både individuelt og med eit miljøfokus. Disse modellane er utvikla for å kunne analysere, fortolke og forstå.

Den første er modellen er TUM-modellen, som er basert på Bronfenbrenner's (1979) sin bioøkologiske modell for menneskeutvikling. TUM-modellen har ein beskrivande funksjon, men kan ikkje gi ei forklaring om kvifor eit miljø lukkast. Modellen visar eit rammeverk som beskriv ulike relasjonar miljøet har på individet og den sin utvikling. Modellen er strukturert med eit mikro- og makronivå (Henriksen, 2010).


Den andre modellen, MS-modellen, vart utvikla for å støtte opp under TUM-modellen ved å strukturere faktorar som gir talentutviklingsmiljøets suksess, og som dermed har eit forklarande potensial (Larsen et al., 2013). MS-modellen forklarar korleis ulike faktorar fører til eit talentutviklingsmiljø i større eller mindre grad av suksess når det kjem til å utvikla eliteutøvarar. Modellen tar utgangspunkt i kva føresetnadar som ligg til rette for talentutvikling, og korleis det daglege arbeidet påverkar utvikling på tre område. Individuell- og lagutvikling, og den idrettslege kulturen dannar eit bilete som viser korleis miljøet er suksessfullt (Henriksen et al., 2010).

TUM- og MS-modellen sitt teoretiske fundament er frå Bronfenbrenners (2005) utviklingsmodell, kulturpsykologi og systemteori. TUM-modellen er ein idrettsspesifikk tilpassing av Bronfenbrenner (1979, 2005) sin bioøkologiske modell for menneskeleg utvikling. Bronfenbrenners økologiske utviklingsmodell tar for seg miljøet der ulike faktorar har direkte eller indirekte påverknad på eit individ sin utvikling (Bronfenbrenner, 1979, 2005). Bronfenbrenner beskriv ulike miljøfaktorar, samtidig illustrerer han gradvis kva påverknad det kan ha for menneskeleg utvikling. Det er fire forskjellige miljø, og dei baserer seg på fire nivå: mikro-, meso-, exo- og makronivået. Mikronivået tar for seg forskjellige

mikrosystem, som for eksempel foreldre, venner, trenar og klubb. I løpet av vekstperioden utviklar individet visse forhold til disse mikrosystema, medan individet modnast gradvis og blir ein del av noko meir. Meso-nivået atterspelar lokalmiljøet og kontaktar mellom forskjellige system i dette miljøet der individet spelar ei aktiv rolle. Exo-nivået består av miljøfaktorar av viktighet, men utover aktiv påverknad og deltaking frå individet. Makro-nivået består av sosiale strukturar som eksempelvis økonomi, politikk og kultur (Carlson, 1988). For å forstå denne prosessen må utvikling analyserast med referanse til ulike samanhengar som eksisterer i individets totale miljø (Carlson, 1988). Nivåa kan påverka kvarandre direkte eller indirekte. Om det blir endring i eit av nivåa, vil dette kunne påverka endring i eit anna nivå, som vidare kan påverka individets utvikling. Bronfenbrenner påpeikar at menneskeleg utvikling oppstår gjennom interaksjon mellom ein utøvar og ein kontekst over vedvarande tidsperiodar. Ein tidleg endring vil då kunne påverka menneskeleg utvikling, sjølv om individet erfarte minimalt med erfaringar i det konkrete miljøet (Bronfenbrenner, 2005).

## 2.2 Talentutviklingsmiljø-modellen

For å forstå gode utviklingsmiljø og korleis det kan påverka fotballspelaren, har fleire studiar nytta Talentutviklingsmiljø-modellen. TUM-modellen sin hovudhensikt er å hjelpe unge talentfulle utøvarar med å ta steget opp frå aldersbestemte klassar til elitenivå i idretten (Henriksen et al., 2010). TUM-modellen blir vist under.



Figur 1: Talentutviklingsmiljø-modellen (Henriksen, 2010).

Modellen kan sjåast på som ein økologisk modell, i den samanheng at den beskriv eit individs utvikling som miljøpåverka. Den kan også sjåast på som ein holistisk modell, då den inkluderer makro- og mikromiljøet, samtidig som den inkluderer ikkje-idrettslege og idrettslege domene. Når modellen er både økologisk og holistisk, vil den fungere som eit metodisk verktøy for å beskrive konkrete miljø, samtidig som den kan forklara miljømessige faktorarar relasjonar og eventuelle påverknad på kvarandre (Henriksen, 2010).

TUM-modellen fungerer som eit rammeverk for korleis ulike miljø påverkar utviklingsprosessen til eit individ (Henriksen, 2011). Modellen forklarar korleis eit utviklingsmiljø er strukturert og bygd opp, og kva som påverkar utviklinga. Hensikta med modellen er å fokusere på korleis eit utviklingsmiljø er satt saman og for å vise kva faktorar som påverkar og skapar eit godt utviklingsmiljø med grupperelasjonar, fellesskap og glede (Henriksen, 2011). Modellen er, som nemnt, basert på Bronfenbrenners bio-økologiske modell for menneskeleg utvikling og er eit rammeverk for å beskrive eit bestemt atletisk miljø og for å klargjera roller og funksjonar for dei forskjellige komponentane og relasjonane i miljøet. Miljøet er avbilda som ein serie med samansette strukturar. Dei unge idrettsutøvarane og deira næraste gruppe menneske i idrettsmiljøet vises i sentrum av modellen, og andre komponentar i TUM-modellen er strukturert i mikro- og makronivå, samt idrettsleg og ikkje-idrettsleg domene innafor dei to nivåa (Larsen et al., 2013).

Eit talentutviklingsmiljø er i følge Henriksen (2010) definert som eit system som består av ein utøvars interaksjonar innanfor og utanfor sporten på mikronivå, og korleis disse interaksjonane påverkast av bestanddelar på makronivå. TUM-modellen kan definerast slik: *«Som ein ung idrettsutøvars sosiale forhold både i og utanfor verda av sportssosiale forhold som har ein idrettsklubb eller eit lag som sin kjerne, men som også inkluderer den større konteksten der klubben eller laget er ein del av»* (Henriksen et al., 2010, s. 213).


Både mikro- og makromiljøet og domene er viktig i utviklingsprosessen då begge er avhengig av, og påverkar kvarandre. Mikromiljøet er arenaene der utøvarar brukar mest tid, som eksempelvis saman med familie, skule, med venner og i klubbmiljø. Dette er miljø der individet har ein direkte kontakt med foreldre, venner, trenarar, lagkameratar, rollemodellar og andre betydingsfulle individ (Henriksen, 2011).

Ytst i TUM-modellen finn ein makronivået som kan påverka utøvaren sin direkte nærvær, førebileter, forbund, mediar og utdanningssystem. Dette er også bestanddelar som kan påverka utøvaren si handling gjennom skaping av tiltak, reglar og skikkar i kulturen som utøvaren høyrer til. Det er viktig å presisera at dei ulike bestanddelane nødvendigvis ikkje har lik påverknadskraft på utøvaren. Førebileter kan eksempelvis vegleia ein utøvar til å forstå kva som blir krevja for å lukkast, då personen kan vera ein profesjonell idrettsutøvar. Mediar kan bidra til å forsterka den idrettslege forståinga frå korleis til kva som skal til for å lukkast

(Henriksen, 2011). Forbund kan vera med å påverka utøvaren i forhold til kva reglar, midlar og normer idretten skal følge, medan utdanningssystem kan vera meir direkte linka inn mot utøvaren, eksempelvis tilpassa utøvaren for å oppnå sportsleg utvikling. Bestanddelane på makronivået kan også vera kulturelt påverka nasjonens idrettskultur (Alfermann, Stambulova & Zemaityte, 2004). Miljøet bør leggja vekt på eit langsiktig utviklingsfokus, kor mestring og framgang blir bedømt som viktigare enn «no-prestasjonar» og resultat (Henriksen, 2011).

## 2.3 Miljøsuksess-modellen

MS-modellen er ein modell som visar miljøsuksessfaktorar. Denne modellen ser på andre aspekt for å kunne forstå eit utviklingsmiljø enda betre (Henriksen et al., 2010). Modellen for miljøsuksessfaktorar er basert på Schein's (1990) teori om organisasjonspsykologi og fokuserer på framveksten av organisasjonskulturen i miljøet.



*Figur 2: Miljøsuksess-modellen (Henriksen, 2010).*

Modellen sitt utgangspunkt er miljøets føresetnadar for talentutvikling og korleis daglege rutinar fører til utvikling. Eit fokus blir retta mot tre områder: (1) korleis utøvarar utviklar seg og tileignar seg kompetanse, (2) at det oppstår ein kultur som vil betra treningskvardagen og (3) lagetts evne til å prestera og utvikla seg. Disse tre områda saman kan føra til miljøets suksess (Henriksen, 2011).



MS-modellen tar eit utgangspunkt i at føresetnadane er miljøets ressursar. Dette kan vera økonomiske-, menneskelege- og materielle ressursar. Dei menneskelege ressursane kan vera trenarar, utdanningsnivå på trenarar, tilgang til ekspertar og kompetente leiarar. Materielle ressursar er til dømes treningsfasilitetar og treningsutstyr (Henriksen, 2011). Føresetnadane dannar grunnlaget for korleis arbeidet med utviklingsprosessen skal kunne gå føre seg (Henriksen, 2011). Sjølv om eit kvart miljø er forskjellig, vil prosessen innehalde element som konkurransar, treningar og treningsleiarar. Korleis ein klubb arbeidar med utviklingsprosessen vil variere ut frå klubben sin filosofi og strategiplan (Sæther, 2017).

Utøvars utvikling og prestasjon kjem av eigenskapar, sportslege resultat og kvalitet som utøvaren utviklar. Ferdighetane kan hjelpe utøvaren i både dei idrettslege og ikkje-idrettslege domene, og lagets prestasjonar i modellen refererer lagets sportslege suksess. Ferdighetane påverkar utøvaren både i og utanfor sporten. I lagidrett er lagets idrettslege suksess og prestasjon det som måler kor godt eit lag gjer noko, noko som MS-modellen visar (Henriksen, 2011).

Sentralt i MS-modellen finn ein gruppa sin organisasjonskultur. Organisatorisk kultur og utvikling, framstilt som kulturelle artefaktar, meiningar, verdiar og normer, kan ha ein påverknad på miljøet sin suksess (Henriksen, 2011). Dette samanfall med Bronfenbrenners (2005) kulturpsykologisk og økologiske perspektiv, der ein utøvar blir påverka av omgivnadane og konteksten, som legg føringar for eit handlingsmønster (Bronfenbrenner, 2005). Artefaktene er ofte lette å observera gjennom kleskodar, bileter, logoar og bygningar, men er meir utfordrande å tolka. Kulturens meiningar er umedvitne meiningar som ofte blir tatt for gitt. Dette er grunnleggjande meiningar som formar korleis medlemmar handlar og tenkjer. Meiningane kan vera gruppas oppfatningar, eller kva ein definerer som sant og verkeleg. I miljøet vil verdiar og normer framstilla sentrale prinsipp og reglar som den organisatoriske leiinga framheve som viktige. Verdiane føreseier store delar av oppførselen som kan bli observert i miljøet (Henriksen, 2011). Eit miljø sin kultur kan kjenneteiknast ved integrasjon av grunnleggjande meiningar i miljøet, som vil forma korleis ein tenkjer og handlar. Integrasjonen gir stabilitet og tryggleik i miljøet, som vidare gjer at det er enklare for utøvarar å utvikla seg (Henriksen, 2011). MS-modellen føreseie at talentutviklingsmiljøet sin suksess er eit resultat av samspelet mellom føresetnadar, prosess, individuell- og

lagutvikling og prestasjonar, med organisasjonskultur som tenar til å integrera disse forskjellige elementa (Henriksen et al., 2010).

Innafor miljøet er individuell talentutvikling sett på som mindre viktig enn arbeidet med utøvars eigenskapar, den psykologiske og sosiale kompetansen, noko som legg til rette for langtidsutvikling av utøvarane (Henriksen et al., 2010).

## 2.4 Kjenneteikn på eit suksessfullt miljø

Henriksen (2010) har retta sin forsking inn mot utviklingsmiljø, og ikkje dei individuelle utøvarane. Alle miljø er unike på sin eigen måte, og hypotesen til Henriksen (2010) er at suksessfulle miljø har enkelte trekk som det går an å kjenne igjen i disse miljøa. Som ein konklusjon kom Henriksen (2010) fram til åtte punkt som kjenneteiknar eit suksessfullt miljø. Dei blir presentert i tabell under og på neste side.

Kjenneteikn i suksessfulle miljø	Beskriving
<b>Treningsgrupper med støttande relasjonar</b>	Inkluderande treningsmiljø med fokus på vennskap og sosial støtte, uansett nivå på utøvarane.
<b>Rollemodeller i miljøet</b>	Nærleik til nåverande eliteutøvarar som kan vera rollemodellar for dei yngre utøvarane i miljøet. Eliteutøvarande er villige til å overføre kunnskap til dei yngre.
<b>Støtte til idrettsleg aktivitet hos utøvarane</b>	Moglegheit til å fokusera på idretten, kor relasjonane rundt utøvarane akseptere og anerkjenne satsinga.
<b>Støtte til psykososiale utvikling</b>	Det gis moglegheit til å utvikle sosiale eigenskapar som kan bli brukt utanfor idretten. Utvikling av heile mennesket.

<b>Allsidighet innan trening</b>	Rom for å utforske ulike idrettar i ung alder for å danne ein basis av ferdigheter. Treningskvardagen består av variasjon og allsidig trening.
<b>Fokus på langsiktig utvikling</b>	Det fokuserast meir på prestasjon enn resultat i ung alder. Treninga er tilpassa alderen til utøvarane.
<b>Sterk organisasjonskultur</b>	Det er koherens mellom miljøets artefakter, normer, verdiar og grunnleggande meiningar. Kulturen byggast opp under eit fokus på læring og utvikling.
<b>Samordning av innsats</b>	Samarbeid med skule, familie og andre komponentar er koordinert på ein god måte. Dei ulike arenaene er ikkje i vegen for utøvars utvikling, men fungere som støtte.

**Tabell 1:** Kjennetegn på suksessfulle miljø (Henriksen, 2010, s. 157-158)

Tabellen visar kort korleis dei suksessfulle miljøa vektlegg dei trygge relasjonelle rammene for utøvarane. Det blir fokusert på eit langsiktig utviklingsløp, der utøvarane får rom til å utforske andre idrettar for å tileigna seg ein basis av idrettslege ferdigheter. Det er eit lite fokus på resultat i disse miljøa, og ein ser heller på individuell utvikling og prestasjon. Miljøa er prega av ein sterk organisasjonskultur som er støtte for utøvarane. Her vert dei ulike arenaene som påverkar utøvarane, som skule og familien, vektlagt (Henriksen, 2010). Det er også motpolar til dei åtte punkta i tabellen. Det er til dømes eit kortsiktig fokus på resultatata, tidleg spesialisering og dårleg kommunikasjon mellom skulen og miljøet.

Dei åtte punkta Henriksen (2010) kom fram til som kjenneteiknar eit suksessfullt miljø, vil eg bruke opp mot funna eg gjer i masteroppgåva. For å sjå om nokon av punkta passar med funn frå dei mannlege og kvinnelege toppfotballspelarane.

### **3 Metode**

I dette kapitlet vert det gjort greie for val av metode og forskingsdesign. Dette for å fortelja korleis eg forberedte, gjennomførte og analyserte studien min. Teori, data, metode og analyse må settast saman for å kunne svara på problemstillinga, informantane og oppgåvas teoretiske grunnlag. Eg har forstått at metode skapar sjølve ramma for korleis heile prosjektet skal utformast (Tjora, 2021).

Det er nødvendig med metode for å kunne samle eller skape kvalitative data for deretter kunne analysere og validere disse. Metode betyr vegen til målet (Kvale, Brinkmann, Anderssen & Rygge, 2015), og bør forståast som eit verktøy som hjelpe forskaren til å belyse det forskingsområdet ein har valt (Widerberg & Bolstad, 2001).

I val av metode såg eg for meg to faktorar som skulle vera gjeldande for meg. Den første var at metoden skulle kunne gjera at eg best mogleg kunne svare på problemstillinga mi. Den andre var at masterprosjektet skulle kunne gjennomførast. Som eit resultat av dette måtte eg tenke på tidsperspektiv, samt størrelsen på oppgåva då eg tok valet av metode.

#### **3.1 Kvalitativ metode og forskingsdesign**

Eg har valt kvalitativ metode og gjennomførte ein semi-strukturert intervjuundersøking for å belyse problemstillinga mi. Med kvalitativ forskning så er målet å utvikle forståinga av fenomen knytt til personar og situasjonar i deira sosiale verkelegheit (Dalen, 2011).

Denne masteroppgåva hadde som hensikt å finne ut informantane si oppleving, erfaring og forståing for kva som kan ha vore viktig for at dei hadde nådd norsk toppfotball. Føremålet med å gjennomføre ein empirisk undersøking er å kunne fremme kunnskap. Mitt forskingsprosjekt blei basert på ein kvalitativ tilnærming, som er egna til å gi ei djupare forståing av problemstillinga. Med kvalitativ metode blir det gitt ein heilhetleg forståing av problemstillinga, og med ein kvalitativ metode så går ein i djupna (Thagaard, 2018).

### **3.2 Vitskapsforankring – Fenomenologisk hermeneutisk**

Innafor ein kvalitativ metode finnes det fleire filosofiske tilnærmingar som reflekterer kunnskapssynet. Dette er hermeneutikk, fenomenologi, pragmatisme, diskurs og dialektikk (Kvale & Brinkmann, 2015). Ved hjelp av ein kvalitativ metode skal ein kunne fortolke og finne meining av den informasjonen ein får av intervjusubjekta. Innafor fenomenologi er ein opptatt med å illustrera korleis menneske oppleve fenomen i sin verden, og innafor hermeneutikken er ein opptatt av fortolkinga av meining (Kvale & Brinkmann, 2015). Min vitskapsteoretiske forankring har dermed vore ein fenomenologisk-hermeneutisk metode. Ein slik metode eignar seg med tanke på å få fram fortellingane til fotballspelarane slik at dei kan bli fortolka og strukturert. Slik kan det viktige i dei erfaringane det blir fortalt om, kome fram og synleggjerast (Lindseth & Norberg, 2004).

Fenomenologi betyr læra om fenomena, og eit fenomen er ein framtoning, altså det som visar seg eller kjem til syne og kan oppfattast av sansane (Dalland, 2017). Fenomenologi tar utgangspunkt i ein subjektiv oppleving å prøve og nå ei forståing av ei djupare meining i enkeltpersonar sine erfaringar (Thagaard, 2018). I kvalitativ forskning er fenomenologi eit omgrep som ser på interessa for å forstå sosiale fenomen ut frå aktørane sine eigne perspektiv (Kvale & Brinkmann, 2015).

Hermeneutikk er fortolkingslære, som vil sei at ein prøver å finne fram til meininga i noko, eller forklare noko som i utgangspunktet er uklart (Dalland, 2017). Hermeneutikk betyr fleire ord som å tolke, omsetja, tydeliggjera, klargjera, forklara og sei (Widerberg & Bolstad, 2001). Omgrepa, samtale og tekst, spelar ei sentral rolle i hermeneutisk tradisjon, og det blir lagt vekt på tolkaren sin forhandskunnskap (Kvale & Brinkmann, 2015). Innafor hermeneutikken legg ein vekt på at det ikkje finnes ein eigentleg sannleik, men at fenomen kan bli tolka på fleire nivå. Ein kan forstå meining i lys av den samanhengen ein studerer, og ein kan forstå delane i lys av heilheita (Thagaard, 2018).

Disse to nemnte vitskaplege retningane er meint å kunne utfylle kvarandre (Kvale & Brinkmann, 2015). Ved å gjennomføre djupneintervju med utgangspunkt frå dei to nemnte teoretiske modellane til Henriksen (2010), så såg eg fram til å få opplevingane, erfaringane, meiningane og tankane til intervjusubjekta mine. Det var spennande å sjå kva den enkelte toppfotballspelararen svara på spørsmåla i samtalen vår.

### **3.3 Semi-strukturert intervju**

For meg var det mest naturleg å velje eit semi-strukturert intervju som metode for å kunne svara på problemstillinga mi. Gjennom eit djupintervju får me høyre toneleie, samt sjå og få eit personleg inntrykk av det informantane seier. Målet med djupneintervju er å skape ein fri samtale om eit eller fleire tema som forskaren har bestemt på førehand (Tjora, 2021).

Med det kvalitative forskingsintervjuet så prøvar ein å forstå verda sett utifrå intervjupersonanes side. Ein skal prøve å få fram betydinga av folk sine erfaringar og avdekka deira oppleving av verda, der vitskapelege forklaringar er eit mål. Det er nettopp dette eg ville i mi forskingsoppgåve. Eg ville ha dei djupe og konkrete svara frå dei ulike åtte subjekta. Eit subjekt vil sei at intervjupersonen er ein person som er delaktig i det kvalitative forskingsintervjuet gjennom å skape meining og forståing om eit bestemt emne. I eit forskingsintervju snakkar ein med folk fordi ein vil veta korleis dei forklarar opplevingane sine eller føretar vala av handlingane deira (Kvale & Brinkmann, 2015). Med åtte intervjusubjekt i frå toppfotballen, var det spanande å sjå om det var forskjellar og liknader frå livet og fotballkarrieren deira.

I saman med intervjusubjekta mine, var håpet at eg skulle klare å kome nærare eit svar på problemstillinga mi. I følge Kvale og Brinkmann (2015) blir kunnskap produsert saman av intervjuaren og den som blir intervjuet, og det er i denne relasjonen at intervjukunnskapen blir produsert. Samspelet mellom intervjuar og intervjuperson, krev både empati og respekt frå deg som intervjuar. Difor er det viktig å tenkje gjennom dei etiske sidene ved intervjuet (Dalland, 2017).

### **3.4 Forskaren si rolle**

I rolla mi som forskar måtte eg vera bevisst på at eg kunne påverka forskingsarbeidet mitt. Dette fordi det var eg som hadde spørsmåla, det var eg som hadde valt ut kven eg vil intervjuet og eg hadde sjølv meiningar og erfaringar rundt temaet eg undersøkte. Eg har sjølv spelt og spelar framleis fotball. Eg har vore innom sonelag, kretslag og aldersbestemt landslag, spelt 1.divisjon, samt vore ein del av A-stallen til ein eliteseriekubb. Det næraste eg kom Tippeligaen, var på benken i ein kamp. Eg har arbeida som trenar på ein talentskule

(akademi) til min lokale breiddeklubb og vore spelande assistenttrener i ein 4.divisjonsklubb. Eg jobbar til dagleg som lærar på ein vidaregåande skule. Difor er det viktig å vera bevisst på korleis eg som forskar kan påverka arbeidet mitt vidare i livet (Dalland, 2017).

I kvalitativ forskning er forskaren si rolle som person og forskarens integritet avgjerande for kvaliteten på den vitenskapelige kunnskap og dei etiske åtgjeringar som treffes. Det er viktig med eit fokus på moralsk ansvarleg forskingsåtføring. Dette er forbundet med forskaren sin moralske integritet, empati, sensitivitet og engasjement i moralske spørsmål og moralske handlingar. Det var difor viktig at eg opptredde profesjonelt, slik at eg kunne nytta meg sjølv på rett måte for å kunne henta inn kunnskap til forskingsoppgåva mi. Her var integritet, kunnskap, erfaring, ærlegdom og rettferdighet ein avgjerande faktor (Kvale & Brinkmann, 2015). Det ein har av forhistorie, kunnskap og haldning verkar inn på korleis ein i neste omgang tolkar og arbeidar med data (Dalland, 2017).

### **3.5 Strategisk utval**

Dette masterprosjektet har eit strategisk utval. Strategisk utval er vanleg innafor kvalitative metodar der ein kontaktar grupper eller enkeltpersonar som ein meiner kan bidra med noko spesielt i undersøkinga (Dalland, 2017). Utvalet i studien blei samansett slik at det skulle gi materiale om det som prosjektet ønska å få ein djupare forståing av (Kvale & Brinkmann, 2015).

Ein intervjuguide vart laga. Denne vart kopla opp mot dei to nemnte teoretiske modellane (TUM-modellen og MS-modellen) til Henriksen (2010). Etter at forskingsprosjektet og intervjuguiden (sjå vedlegg) min vart sendt inn og godkjent av Norsk Senter for Forskingsdata (NSD), kontakta eg mine valte informantar i håp om at dei ville delta i masterprosjektet mitt.

I samråd med læraren min, valte eg at eg i alle fall hadde behov for åtte intervjusubjekt, der fire skulle vera menn og fire skulle vera kvinner. Eg tok for meg to klubbar i nærområdet frå der eg bur og der eg har kjennskap i begge klubbar. Begge klubbane spelar til dagleg øvste divisjon for menn og kvinner. Ved å velje disse to klubbane såg eg for meg å spare tid med tanke på reising til intervju. Eg hadde også eit håp om at eg på grunn av kjennskap til to av

intervjusubjekta (ei kvinne og ein mann), lettare kunne danne ein slags smitteeffekt på om toppfotballspelarane ville vera med som intervjusubjekt.

**Utvalkriteria for å delta i masterprosjektet var følgande:**

1. Spelarane måtte vera mannlege og kvinnelege fotballspelarar som til dagleg spelar fotball i ein norsk toppfotballklubb og har kampar i toppfotballen.
2. Spelarane måtte vera over 18 år. Dette på grunn av erfaring, samt at dette kunne gjere det lettare å få godkjent forskingsarbeidet av NSD.
3. Spelarane måtte ha profesjonell kontrakt, og hatt dette i over eit år.

Eg såg også etter kor spelarane kom frå, og eg kikka om dei hadde vore innom aldersbestemte landslag og andre klubbar. Dette var ikkje eit krav. Deretter gjekk eg gjennom A-stallen til begge klubbar som eg hadde peika meg ut. Eg laga meg ei liste over spelarar som kunne vera aktuelle. Vidare kontakta eg dei to som eg kjente frå før, begge takka ja til å delta. Dette gav ein «boost» inn mot å kontakte resten av utvalet mitt.

Eg kontakta dei utvalte spelarane, og forklarte og presenterte temaet for mi masteroppgåve. Alle som eg kontakta, takka ja for å delta i masterprosjektet for eit djupneintervju. Ein person takka først ja, men trakk seg like etter grunna travle tider med fotball og skule. Dette var noko eg hadde lært gjennom studiet at kunne skje. Eg måtte då kontakta eit nytt intervjusubjekt, men dei tre neste eg spurte takka nei. Til slutt takka ein person som stod på lista mi, ja. Dermed satt eg igjen med åtte intervjusubjekt som alle fall inn under mine utvalskriterier.

På neste side har eg presentert intervjusubjekta. Eg gitt dei nye namn og alderen er ikkje gjort konkret. Dette vart gjort for anonymitet. K står for kvinne og M står for mann.



Namn/kjøn n	Har profesjonell kontrakt, samt lengre enn i eit år	Alder	Spelar til dagleg i ein norsk toppotballklubb og har kampar frå toppotballen.	Spelt i fleire klubbar	Vore innom landslag
<b>Oline (k)</b>	Ja	21 – 25 år	Ja	Ja	Ja
<b>Nina (k)</b>	Ja	26 – 30 år	Ja	Ja	Ja
<b>Helle (k)</b>	Ja	26 – 30 år	Ja	Ja	Ja
<b>Elise (k)</b>	Ja	21 – 25 år	Ja	Ja	Ja
<b>Johan (m)</b>	Ja	26 - 30 år	Ja	Ja	Ja
<b>Frode (m)</b>	Ja	21 - 25 år	Ja	Ja	Ja
<b>Nils (m)</b>	Ja	26 - 30 år	Ja	Ja	Nei
<b>Anders (m)</b>	Ja	30 – 35 år	Ja	Ja	Nei

*Tabell 2: Oversikt over intervjusubjekt.*

### 3.6 Gjennomføring av intervju

Grunna den nye kvardagen med Covid-19, samt ein travel kvardag med jobb som lærar på vidaregåande og ein ny tilvære som far, valde eg å gjennomføre video- og telefonintervju med den enkelte fotballspelaren. Dette gjorde at eg sparte tid i masterjobbinga.

Gjennom studiet mitt i Alta har eg lært at eg at det kan bli problematisk med gjennomføring av intervju og at det er mange detaljar å ta i betraktning når ein skal gjennomføre intervju. Begge laga som intervjusubjekta mine var ein del av, var i ein travel oppkjøringsperiode for sesongen og begge lag trena to økter til dagen. På bakgrunn av dette fekk eg erfare at logistikk for å få til intervju var den største utfordringa. Andre utfordringar var at eg hadde behov for ro rundt meg når eg gjennomførte intervju, og difor måtte sambuar med barn ut

av huset den tida. Eg opplevde at intervjusubjekta også hadde ro rundt seg. Kvale og Brinkmann (2015) skriv at det er viktig at ein snakkar uforstyrra i eit intervju, då utsegna lettare kan bli påverka av uro rundt.

Intervjua vart gjennomført på ti dagar og varierte i lengda på 40 til 60 minutt. I mitt hovud så virka det greitt å nytte diktafon for å ta opp og laste fila over på pc, men NSD (Norsk senter for forskingsdata) forlanga ein betre metode for sikring av lydfileane. Difor nytta eg eit sikkert nettskjema på internett for lagring av fila. Eg tok opp med ein app på mobilen og etter ferdig intervju, sendte mobilen fila direkte til sikkert nettskjema på internett. Dette var ein grei metode for å unngå og gå rundt med dei enkelte sitt lyd opptak på min eigen telefon. Eg enda opp med å gjennomføre totalt seks videointervju og to intervju over telefon. Erfaringa eg gjorde meg var at begge deler, altså både med og utan video, fungerte veldig bra.

Intervjusubjekta fekk tilsendt eit samtykkeskjema med informasjon om masterprosjektet mitt. Dette fekk dei tilsendt, samstundes som eg spurte om dei ville delta. Utanom dette visste dei ikkje eksakt kva eg skulle spørje om, før me møttes for sjølve intervjuet. Dei fekk altså ikkje tilgang til intervjuguiden. Intervjuguiden låg utskrive føre meg til kvart intervju, og vart eit viktig reiskap for meg. Eg nytta intervjuguiden som ei retningslinje og eit haldepunkt for samtalen. Intervjuguiden hjelpte meg å halde fokus på kva me skulle snakke om og at fekk meg til å sei at «dette kan me komme meir inn på seinare», dersom samtalen fløyt for mykje. I starten av kvart intervju snakka me også kort om korleis det stod til, eg informerte om masterprosjektet, informerte om at det var anonymt og at det var fullt lov til å trekke seg om dei ønska det. Dette gjorde eg då eg hadde eit håp om at samtalen skulle vera naturleg.

Ei erfaring eg gjorde meg var at det var stor forskjell på det første og det siste intervjuet eg gjennomførte. Dette fordi eg vart tryggare for kvart intervju eg gjennomførte med den enkelte. Intervjusubjekta var alle ulike, og dette gjorde at eg fekk ulike svara hos den enkelte. Det var forskjell i kor pratsame dei enkelte var, nokon preika meir enn andre, og nokon hadde erfart og opplevd meir enn andre. Det var også ulikheit i alder. Eg var veldig nøgd med alle dei åtte intervjua som var gjennomført, dette fordi eg følte dei svara godt for seg og virka interessert i temaet.

I sjølve intervjuet valte eg å ikkje notere, då eg ville ha eit heilhetleg fokus på intervjuet. Etter at intervjuet vart gjennomført, noterte eg meg ned nokre stikkord om samtalen eg

hadde hatt med den enkelte toppfotballspelaren. Samtalene med dei to som eg kjente frå før, var annleis enn med dei som eg ikkje kjente. Dette var nok fordi eg allereie hadde litt kunnskap om dei i motsetning til dei eg ikkje kjente.

Både i starten og i avslutninga av intervjuet takka eg intervjusubjekta for at dei ville delta i masterprosjektet mitt. Eg takka dei for at dei opna seg og delte sine erfaringar, opplevingar, meiningar, tankar og kunnskap innafor sin fotballkarriere og norsk toppfotball.

### **3.7 Ethiske refleksjonar**

Eg gjorde meg kjent med NSD sine krav personopplysningar og informantane vart informert om dette. Når masteroppgåva er ferdig, levert og forhåpentlegvis godkjent, så vil all data blir sletta. Det vil sei informasjon om den enkelte fotballpelar, lydopptak og transkripsjonar. Spelarane er gjort anonyme og fått har nye namn. Ein kan ikkje vete alder på dei, eller kva for klubbar dei har vore ein del av. Eg kjem heller ikkje til å skrive kor dei er i frå. Det skal dermed ikkje vera mogleg å finne ut kven informantane er.

Under intervjuet med dei enkelte, informerte eg om at eg ikkje ville ha namn på personar, klubb eller stader, dette for oppretthalde anonymitet. Dette viste seg å vera vanskeleg i alle intervjuet og ofte vart det sagt eit namn allereie i første spørsmål. Eg vil med dette, igjen, poengtere at eg var nøyen på anonymitet for at det ikkje skal la seg gjere å finne ut kven informantane var.

### **3.8 Transkripsjon**

Transkripsjon vil sei transformasjonen av ein munnleg intervjusamtale til ein skriftleg tekst, dette er altså prosedyren som gjer intervjusamtalen tilgjengeleg for analyse. Når ein har transkribert intervjuet kan dei sjåast på som empiriske data i eit prosjekt med intervju (Kvale & Brinkmann, 2015).

Etter at eg hadde intervjuet og satt igjen med lydfilar, så vart intervjuet transkribert ord for ord, så nøye som mogleg (Kvale & Brinkmann, 2015). Alle mine åtte djupneintervju vart

transkribert. Dette gjorde eg sjølv ved å høyre på lydfile. Det tok tid, men eg er glad eg gjorde det sjølv, og eg fekk høyrte grundig gjennom dei åtte intervju som eg gjennomførte. Dette gjorde at eg fekk ei større forståing om temaet, og ei betre tilnærming til masteroppgåva. Eg valde å transkribere alle intervju på nynorsk for anonymitet.


### **3.9 Analyse av data**

Å analysere vil sei å dele opp i bitar eller element, og det er ingen fasit på korleis analysen skal gjerast (Kvale & Brinkmann, 2015). Det er mange måtar å analysere data på. Uansett kva metode ein vel, så handlar det om å systematisere data og få fram meininga slik at ein kan finne ut om det gir moglegheit til å svara på problemstillinga (Kvale & Brinkmann, 2015). Analysearbeidet bør vera effektivt, noko som ikkje minst er knytt til systematikk (Tjora, 2021).

### **3.10 Stegvis-deduktiv induktiv metode**

Eg valte å gå for Aksel Tjora sin stegvise-deduktiv induktiv (SDI) metode. Metoden blir presentert i Tjora si bok «*Kvalitative forskingsmetoder i praksis*» (Tjora, 2021). Eg grunngjer valet med å velje SDI-metoden med at modellen er kjent for systematikk og kan legge til rette for god framdrift i eit kvalitativt forskingsopplegg, samt at den er på norsk. Metoden er open for data og for teori. Modellen baserer seg på sju steg frå generering av rå data til utvikling av teori (Tjora, 2021). Det sjuande steget fell utanfor denne masteroppgåva. Dette fordi eg i denne masteroppgåva ikkje skal utvikla noko ny teori.

Dei sju stega i SDI-modellen kjem på neste side og er følgande:



**Figur 3:** Stegvis-deduktiv induktiv metode (Tjora, 2021, s. 29).

### 3.10.1 Koding med empirinære kodar

Etter at eg hadde generert data (intervjuet) og bearbeida rådata (transkribert), stod koding av intervjudata for tur. På dette tidspunktet så hadde eg behandla data, eller analysedata, som det også kan kallast (Tjora, 2021).

Analyseprosessen føregår ved at ein tar utgangspunkt i rådata, som i mitt tilfelle er det intervjumaterialet som eg har transkribert. I masteroppgåva så jobba eg frå data mot teori, som vil sei ein induktiv metode. Eg brukar også teoretiske modellar mot min data i min resultatpresentasjon, som då vil sei ein deduktiv metode. SDI-metoden har altså gjort at eg har hoppa litt fram og tilbake i arbeidet med å analysera og kategorisera dei data som er generert. Den induktive prosessen vil sei at ein stadig sjekkar det empiriske frå det

teoretiske (Tjora, 2021). Eg kopla altså det intervjusubjekta mine uttalar i intervjuet opp mot dei teoretiske modellane som eg har valt, samt annan relevant forskning.

Ved hjelp av mine transkriberte djupneintervju utvikla eg induktiv empirinære kodar. Ein prosess med empirinær koding vil sei at forskaren må systematisk gjennomgå data for å sette merkelapp på kva det eigentleg handlar om (Dalen, 2011). Det er vanleg å gjennomføre koding av data som framgangsmåte i kvalitativ analyse (Thagaard, 2018). For hjelp til å behandle og leggja til rette datamaterialet, brukte eg dataprogrammet NVivo 12, der eg kunne importera mine åtte transkriberte intervju for deretter å gå gjennom intervjuet og lage kodar (Dalen, 2011).

I kodinga av mine empiriske data arbeida eg med mål å trekka ut essensen, å komprimera datamaterialets størrelse og å leggje til rette for idegenerering med utgangspunkt i dataens detaljar (Tjora, 2021). Ved å gjera ein induktiv empirinær koding så kunne eg prøve å forhindra at analysen blei prega av magesfølelsen, i form av mine egne valte teoretiske modellar samt forventningar.

Eg utvikla mange kodar utifrå kva mine intervjusubjekt uttalte for å ivareta det heilt spesifikke i materialet. Eg brukte ord og frasar som stakk seg ut frå materialet (Tjora, 2021). Nokre eksempel på nokre kodar var: foreldre, venner, lagkameratar, klubb, trenar, miljø, trening, profesjonalitet, ressursar, kretslag, landslag, motivasjon, mentalt, spele med eldre, fekk profesjonell kontrakt, organisasjon, annan idrett eller aktivitetar, opplevd motgang, skader, byrja å spele fotball, akademi-talentsatsingsgruppe, utvikling. Det blei mange empirinærekoder, men ein skulle ikkje vera redd for at talet på kodar blei for stort. Dette fordi kodane berre er utvikla av data, og ikkje av teori, hypotesar, forskingsspørsmål eller frå planlagde tema. Difor kunne dei bli mange (Tjora, 2021, s. 219). God empirinær koding kjenneteiknast av koder som gir ein detaljert gjengivelse av intervjuutsegna i dei empiriske data (Tjora, 2021). No hadde eg både analysedata, og eit kodesett. Ein god kvalitativ analyse avhenge av ei kopling mellom kodane og analyseutdraga. Eg hadde moglegheita til å gå tilbake til tekstutdraget som eg koda i NVivo og dette gav meg ein god link mellom kodesettet og data. Ved hjelp av NVivo kunne eg velja ein spesifikk kode, og få opp oversikt over alle koda tekstutdrag knytt til den koden. På den måten fekk eg oversikt over data, og ein link mellom kodesettet og datamaterialet. Denne linken utgjør ein kodestrukturert

empiri, og dette legg grunnlaget for neste steg i SDI-modellen som er kodegruppering (Tjora, 2021).

### **3.10.2 Gruppering av koder**

Etter at eg hadde laga empirinærekoder, var neste steg å gruppere disse kodane tematisk for å kunne finne ei form for struktur for analysen. Dette blei også gjort induktivt og bestod av å samle kodane som har ein innbyrdes tematisk samanheng, i gruppe, samt å skilje ut kodar som ein ser på som unødvendige i ei restgruppe (Tjora, 2021, s. 229-230). Som forskar måtte eg leita etter meir abstrakte kategoriar som kunne samla data på nye måtar, der hensikta var få finne meir eigna kategoriar som gir moglegheit til å kunne forstå innhaldet på eit meir fortolkande og teoretisk nivå (Dalen, 2011).

Eg utvikla totalt 14 kodegrupper. Disse var følgande: Familie, venner, klubb, trenar, skule, organisasjon, ressursar, miljø i fleire omgrep, toppfotballspelaren, psykologi, andre idrettar og aktivitetar, toppfotballspelaren, utvikling og prestasjon. Talet på kodegrupper som blir oppretta variere, men tre-fem grupper kan vera hensiktsmessig som grunnlag for analysekapitlet i ein masteroppgåve (Tjora, 2021). Dermed måtte eg framleis lage mindre kodegrupper.

### **3.10.3 Utvikling av konsept**

Analyseprosessen hadde til no dreia seg om mine empiridata. Når eg gjekk over til steget konseptutvikling, så kunne mitt teoretiske rammeverk få større plass i analysen (Tjora, 2021). Eg gjennomførte konsepttestar så handla om å sjekke om konseptane som ein utviklar er abstrakte nok knytt til menneske, stader og tider, og at dei ikkje blir mindre gyldige over tid (Tjora, 2021). Her drog eg fram mitt teoretiske rammeverk, samt annan relevant forskning. På den måte fekk eg oversikt over kva teoretiske bidrag som kunne vera aktuelle i forbindelse med utvikling av konsept (Tjora, 2021).

Eg såg på kodegruppene mine, og det var slik at fleire av dei passa med mitt valte teoretiske rammeverk. For å leite etter hovudfunn som eg kunne bruke vidare i oppgåva, såg eg etter

kva som kunne gi masteroppgåva mi moglegheit til svara på problemstillinga mi, altså miljømessige rammevilkår. Dermed delte eg dei 14 kodegruppene i to kategoriar som var for toppfotballspelaren sosialt og individuelt. For meg var det viktig å sjå etter det som var i sosiale miljø, i motsetning til det som gjekk på det individuelle for toppfotballspelaren. Dette vert presentert i tabell under:

Sosialt	Individuelt
Familie – foreldre, søsken, besteforeldre.	Toppfotballspelaren – egen utvikling, motivasjon, motgang og skader.
Venner - lagkameratar	Psykologi – mentalt.
Klubb – lag	Prestasjon
Trenar – spelarutviklar, mental trenar, støtteapparat.	Andre idrettar og aktivitetar.
Skule – barne skule, ungdomsskule, vidaregåande skule og høgare utdanning.	Ressursar – profesjonell kontrakt.
Organisasjon – kretslag, Norges fotballforbund, akademi og talentsatsingsgruppe.	
Ressursar – økonomi frå familie og klubb, fasilitetar og utstyr.	
Miljø i fleire omgrep – utviklingsmiljø, treningsmiljø, seriøst miljø, profesjonelt miljø.	

**Tabell 3:** Kodegrupper fordelt i to kategoriar - sosialt og individuelt.



Med dei åtte kodegruppene innafor sosialt miljø danna det utgangspunkt for kva eg utvikla som hovudtema i frå analysen, dette for å strukturere undersøkinga sin resultatdel (Tjora, 2021). Det var framleis litt mange grupper kontra det Tjora (2021) anbefale å nytte i studien. Eg måtte difor gjera kodegruppene enda færre. Eg brukte mine teoretiske modellar frå Henriksen (2010) for å kunne gjera kodegruppene enda færre. I følge Tjora (2021) så stoppar store deler av induktiv forskning opp ved SDI-metoden, konseptutvikling. Det blir ikkje krevja at masterstudentar skal utvikla nye teoretiske perspektiv ved å bruke SDI-modellen. Modellen kan heller sjåast på som nemnt tidlegare eit hjelpemiddel i prosessen med å generere og analysere data (Tjora, 2021).

Til slutt satt eg igjen med fire følgande kodegrupper, som vert presentert i tabell under:

Hovudtema	Innhald
<b>1. Familie</b>	Data som omhandlar miljøet rundt toppfotballspelaren med foreldre og søsken.
<b>2. Skule</b>	Data som omhandlar miljøet rundt toppfotballspelaren med vidaregåande skule.
<b>3. Klubb</b>	Data som omhandlar miljøet rundt toppfotballspelaren med klubben, lag, lagkameratar/venner og trenaren.
<b>4. Organisasjon</b>	Data som omhandlar miljøet rundt toppfotballspelaren med organisasjon: Norges Fotballforbund med kretslag, aldersbestemt landslag og A-landslag.

**Tabell 4:** Hovudtema og innhald.

Deretter la eg til dei fire kodegruppene der dei passa i forhold til TUM-modellen og MS-modellen frå Henriksen (2010). Til slutt satt eg igjen med følgande hovudtema og komponentar frå miljøet, som vert presentert i tabell under:

Modell	Hovudtema og komponentar
<b>TUM-modellen:</b>	
<b>1. Mikronivå – ikkje idrettsleg</b>	Familie  Skule: Vidaregåande skule
<b>2. Mikronivå - idrettsleg</b>	Klubb/Lag  Lagkameratar/venner  Trenar
<b>3. Makronivå - idrettsleg</b>	Organisasjon: Norges Fotballforbund  Kretslag  Aldersbestemt landslag og A-landslag
<b>MS-modellen:</b>	
<b>4. Føresetnadar</b>	Ressursar i klubb

*Tabell 5: Hovudtema og komponentar frå teoretisk rammeverk.*

Denne tabellen med funn frå analysen, som er plassert i mine teoretiske modellar, var med på å danne grunnlaget for det eg vidare har presentert av resultat og diskusjon i det neste kapitlet.

### 3.11 Forskingskvalitet

I ei forskingsoppgåve er det forventa at du som forskar skal vurdera studiens kvalitet (Dalland, 2017). For å vurdere forskinga sin kvalitet kan ein knytte omgrepa truverdighet, bekreftbarhet og overføringsevne. Disse omgrepa framhevar den kvalitative tilnærminga sitt særpreg (Thagaard, 2018). Innafor kvalitative studie er det viktig at forskinga skal oppfattast som truverdig. Difor er det viktig at eg som forskar gjer reie for korleis data skal utviklast, og at eg skriv om min relasjon til informantane og kva betydning mine erfaringar kan ha for dei data eg får. Bekreftbarhet vil sei vurderingar av tolkingane min undersøking føre til, altså tolkinga av resultatata. Eg må altså vurdere grunnlaget eg har for å vurdere data. Overføringsevne er knytt til forståinga som blir utvikla i ei undersøking, som også kan vera relevant i andre situasjonar (Thagaard, 2018).

*Validitet:* I samfunnsvitskapen dreier validitet seg om kor vidt ein metode er god nok til å undersøke det den skal undersøke (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Validitet er relevans og gyldighet. Det som blir undersøkt i mitt forskingsarbeid er viktig at har ein relevans og er gyldig for det problemet som skal undersøkast (Dalland, 2017).

*Reliabilitet:* ,Eller pålitelegheit, er eit viktig kriterium for kvalitet i forskning og handlar om det arbeidet du har presentert er til å stole på. Du skal gjere reie for korleis du har samla inn data til undersøkinga, kva feilkjelder som kan ha påverka resultatet. På den måten gir du lesaren moglegheit til å vurdera pålitelegheita av arbeidet ditt (Dalland, 2017, s. 58).

*Generalisering:* I forskning så betyr generalisering at resultatata du får i forskning blir gjort gjeldande for andre situasjonar eller grupper enn dei som var med i undersøkinga (Dalland, 2017, s. 246).

For min studie kunne validiteten målast med kor relevant mine data var i forhold til problemstillinga, og reliabilitet i kor nøyaktig eg hadde vore i målingane mine. Saman utgjorde validitet og reliabilitet studiets truverdighet. Som forskar i denne masteroppgåva var det viktig å vera kritisk til kjeldane for å kunne vurdere reliabiliteten. Med dette meiner eg at eg måtte tenkje over om eg intervjuar rette personar, og om dei hadde kunnskap om det me snakka om. Det var viktig at eg samstundes var kritisk til meg sjølv, og vurderte korleis eg tok i mot og tolka informasjonen. Det var viktig å nemne at informantane ikkje

fekk sjå spørsmåla før eg hadde djupneintervju med dei. Difor kan det godt hende at det var ulike erfaringar, opplevingar, meiningar og tankar som dei ikkje hugsa akkurat der og då. Eg meiner likevel at eg har oppnådd validitet og reliabilitet i studien min. Spørsmåla som vart stilt belyser ulike aspekt i forhold til problemstillinga mi, og alle intervjusubjekta svarte på dette.

## **4 Resultat og diskusjon**

I denne delen av masteroppgåva har eg valt å presentere resultat og diskusjon samla. Eg grunnjev dette valet ved at eg vil få framstilt mine funn frå mine gjennomførte intervju med intervjusubjekta sine utsegn og perspektiv, og dermed få ein heilheit, då analysen blir diskutert i høve mine utvalte teoretiske modellar frå Henriksen (2010). Diskusjon og data vil bli belyst ut i frå komponentar i miljøet frå modellane, samt diskutert med annan tidlegare og relevant forskning. Resultatet og diskusjonen blir presentert på den måten eg meiner passar best for å gjera greie for premissane innafor den holistiske- og økologiske tilnærminga, og for å skapa ein oversikt over datamengda studien inneheld.

Hovudfunna mine frå toppfotballspelarane viste seg å kunne passe med fleire komponentar i miljøet som er i TUM- og MS-modellane til Henriksen (2010). I tabell (5), kan ein sjå rekkefølga på korleis funna i studien vil bli presentert. Eg har valt å først presentera funn med det som er nærast toppfotballspelarane først.

### **4.1 Talentutviklingsmiljø-modell**

Henriksen (2010) sin TUM-modell er ein forenkling av eit utviklingsmiljø som visar eit rammeverk som beskriv ulike relasjonar miljøet har på individet og den sin utvikling. Modellen er strukturert med eit mikro- og makronivå.

#### **4.1.1 Mikronivå – ikkje idrettsleg domenet**

Dette underkapittelet handlar om funn saman med komponentar i miljøet frå mikronivå - ikkje idrettslege domenet. Dette vil vera element som påverkar utøveren utan at det direkte handlar om idrett. Det vil ut i frå funn frå analysen bli diskutert rundt om korleis familie og skule har vore viktige faktorar i miljøet rundt toppfotballspelaren.

#### 4.1.1.1 Familie

For fleire av toppfotballspelarane har det vore viktig med nær familie i fotballkarrieren. Det å ha eldre søsken som spelar fotball og at kanskje foreldra har vore trenarar, har gjort at den enkelte har fått vore med på trening og dermed starta å spela fotball. Seks av dei åtte toppfotballspelarane eg intervjuja hadde erfart at foreldra hadde vore trenar for dei då dei var yngre. Dette gjorde at ein fekk eit tideleg kjennskap til fotball:

*«Ja, eg byrja vel med fotball, tipper når eg var fem, organisert. Eg spelte med dei på min alder og med dei som var eit år eldre, og eg hadde ei søster som var eit år eldre så eg hang meg på der litt naturleg ettersom pappa var trenar der. Så eg var på ein måte med på det lasset der» (Nina).*

Å vera foreldretrenar er noko Sæther (2017) forklarar ved at ein, på same måte som i andre forhold ved oppdraginga, har ei viktig oppgåve med å følge opp ungane sine og vise ein interesse for fotballaktiviteten og dermed bidra som leiar eller trenar. Det at unge spelarar startar å spela organisert fotball, kan vera at resultat av at foreldre openbart påverka ungane sine (Sæther, 2017). Utifrå intervjuja kom det fram at foreldra hadde bidrege med økonomi og køyring. Foreldre kunne også fungere som gode støttespelarar:

*«Det har dei jo heilt klart, sjølv sagt og naturlegvis når ein er ung der dei har køyrt fram og tilbake frå ... og ... kvar helg, men og kanskje vel så mykje no i vaksnare alder der på ein måte kanskje store delar av omgjevnader tenker at det ikkje er noko særleg å halda på med. Ja, du er vaksen og skal på ein måte gå den vanlege gongen med vanleg jobb og slike ting. At dei på ein måte alltid har akseptert og heia på deg og det du har lyst til å gjera. Og det er viktig, og eg trur det hadde vore tungt om ein visste at familien var litt i mot eller ikkje brydde seg» (Nina).*

I følge Wolfeden & Holt (2005) kan foreldre bidra med moralsk støtte som kan ha positiv innverknad på spelaren. Foreldre kan ha ein betyding då dei fungere som emosjonelle støttespelarar i heile karrieren til utøvaren (Wolfenden & Holt, 2005). Oppfølging skjer ofte ved køyring til og frå treningar og kamp, noko som i visse samanhengar kan vera avgjerande for ungane sin moglegheit for deltakinga (Sæther, 2017). Det kom også fram at ikkje alle

hadde hatt familie som hadde prega fotballkarrieren til toppfotballspelaren med oppfølging til toppfotballspelaren like mykje:

*«Det er egentleg lite i mitt tilfelle. Eg har jo hatt ei mor som sjølvsgt har støtta meg, men det har ikkje vore noko slikt at no skal eg ut å trena litt. Det har meir vore at du er flink til å trena. Det er litt lågt nivå. Eg drar inn parallellen til Martin Ødegaard og Martin Samuelsen som har hatt fedra som har trena dei systematisk, så det har ikkje vore noko slikt» (Anders).*

Fleire av toppfotballspelarane budde heime og fekk ting tilrettelagt då dei gjekk på skule. I følge Henriksen (2011) er familie ein faktor som påverkar utviklinga til utøveren fordi dei er ein del av det daglege. Dette er ein faktor som vil påverka ein utøvars kvardag på mikronivå:

*«På vidaregåande gjekk det jo veldig greitt. Det var travle dagar, men eg budde jo heime hos pappa og mamma og fekk alt tilrettelagt bra der, kontra dei som budde på hybel og sånne ting» (Nina).*

Frode var ein av toppfotballspelarane som hadde hatt stor påverknad frå foreldra med tett oppfølging og støtte i fotballkarrieren. Han hadde både hatt mora og faren som trenarar då han var yngre. Han hadde hatt foreldre som viste støtte «ved å vise interesse i barnas idrett blir foreldra ein del av støttenettverket, som gjer barnets engasjement i sporten lettare» (Coté, 1999 i (Henriksen, 2011, s. 173). Men foreldre sitt engasjement for eit barn sin fotballdeltaking kan også medføra krav og forventningar som negativt kan påverka utøveren (Sæther, 2017). Sjølv om Frode vart sett krav til av foreldra, blei det ikkje opplevd som negativt for han:

*«Nei, enormt mykje. Eg trur nok utan dei to, og det gjeld familien min òg, så hadde eg nok ikkje klart det. Både med oppfølging, dei er jo to, mamma og pappa er jo to som har drevet med fotball sjølv, så dei veit jo kva det går i. Dei har alltid køyrt meg på trening, gitt meg tilbakemeldingar i forhold til kampar og satt krav. Utan dei to så hadde eg nok ikkje klart det, det er eg ganske sikker på» (Frode).*

I følge Sæther (2017) så er Norsk fotball kjenneteikna av foreldre som er trenarar blant dei yngste trenarane. Dette visar seg å vera ein heilt avgjerande ressurs for at norske ungar skal kunne få eit tilbod innanfor fotballen. I følge Bloom (1985) kan foreldre og vener i det sosiale

miljøet vera av stor betyding i den tidlege fasen, og dermed er krava til kompetanse høgare når spelarane går over i den mellomste fasen. Foreldre kan vera ivrige etter å bidra til utviklinga til sitt eige barns ferdighetar (Sæther, 2017). I liknad med mine funn i min studie, fann Henriksen (2011) ut at familien har ein stor påverknad på ein utøvars kvardag og vidare på ein utøvars utvikling. Min studie visar også at ikkje alle utøvarar har same påverknad frå familien.

#### 4.1.1.2 Skule

For toppfotballspelarane kom viktigheita av miljøet rundt det å gå på vidaregåande skule og spela fotball tydleg fram. I følge Enoksen (2011) så vil dårleg koordinering mellom idrett og skule vera ein av dei vanlegaste årsakene til fråfall frå idretten. Seks av dei åtte intervjusubjekta hadde gått på toppidrettsgymnas og forklarte valet med at skulen la til rette for satsing på fotball, at det var eit godt samarbeid mellom skule og klubb og at avstand spelte ein faktor:

*«Eg valde toppidrett på ..., som det heitte då. Allmennfag og fotball. Grunnen til det var eigentleg at eg hadde høyrte mykje fint om skulen og dei hadde eit tett samarbeid med ... Eg var og veldig nær å reisa til ..., og gå på eit toppidrettsgymnas der, men det var lite link med klubbane rundt. Medan i ... fekk ein trenar med skulen og klubben samtidig, så om du var god nok på vidaregåande, så fekk ein trenar med A-laget i skuletida. Det var eigentleg det som bikka det for meg, og så var det jo eit par timar kortare heim» (Johan).*

Medan dei to toppfotballspelarane som ikkje gjekk toppidrettsgymnas, så hadde dei begge to vurdert å gå der, men avstand spelte ein faktor ettersom dei begge budde nære ein vidaregåande skule med idrettslina. Elise fekk ikkje lov av foreldra grunna avstanden. Anders valte og å gå der grunna venene hans skulle gå der:

*«Men for meg blei det idrettslina, litt på grunn av vennekrets og plassering, for eg budde jo 50 meter frå den vidaregåande skulen. Og så såg eg på, eg var eigentleg litt usikker på om eg var heilt for den veldig slik spissa retninga. Eg satsa på fotballen, men eg likte forskjellige idrettar og. Og det fekk eg på idrettslina. Men, men. Kanskje mest på grunn av vennekrets at det var der mine næraste enda opp» (Anders).*



Det å gå på skule står fram som den utanom sportslege komponenten som har størst påverknad på utøvaren (Sæther, 2017). I følge Christensen og Sørensen (2009) er dobbeltkarrieren, fotball og skule ein faktor som påverkar utøvaranes kvardag og utvikling. Forskarar har påpeika at skule- og idrettsarenaen ofte kan ha eit konkurranseforhold som kan verka negativt på utøvaren (Bourke, 2003). Det er dermed viktig at skulen og idrett står fram som samordna slik at spelarane får ro til å utvikla seg under trygge og stabile forhold (Henriksen, 2010). Frode kunne fortelja at foreldra var klar på at det var fotballen som skulle bli prioritert først, men at han klarte å få fullført skulen med gode karakterar. Det var og ein plass Frode fekk nye vener og kom inn i eit godt treningsmiljø:

*«...min far og mor var tydeleg med meg at fotball var førsteprioritet, og eg følte eg klarte å kombinera. Altså å kombinera skule og fotball var superviktig for meg. Og så kom eg inn i eit litt anna miljø enn når eg gjekk toppidrett, der var det jo litt meir folk som var lik meg. Det var ein treningskultur som var heilt enorm, og me trena sopass mykje at det var viktig å ha fokus på kvardagen, og det miljøet var veldig sunt for meg. Og det var mange som tenkte det same som meg og ville bli gode. Og eg fekk mykje igjen for det» (Frode).*

Fleire av toppfotballspelarane sa at det var travle dagar der du skulle kombinera skule og fotball med trening, kampar og samlingar. Men at det gjekk fint og at det var ein viktig periode i fotballkarrieren. Skal det vera mogleg å lukkast på begge arenaene, då må da leggast til rette for spelaren, samtidig som at spelaren må vera ambisiøs nok til å leggja ned den innsatsen som trengs (Christensen & Sørensen, 2009):

*«Det som var då var at eg hadde ganske god kontakt med rådgjevaren på skulen, og han var toppfotballtrenaren min og. Me hadde ganske god dialog og dei såg at eg var mykje vekke og dei såg at eg ikkje fekk så gode karakterar. Og så bedde dei om eit møte og sa dei hadde tenkt litt på det og ville tilby meg å prøve meg noko nytt som dei ikkje hadde gjort før. Etter det spurte dei om me skulle prøve å få tatt det på fire år» (Elise).*

Ein viktig faktor som vil gjera kvardagen lettare for spelarane er samarbeidet og kommunikasjon mellom skulen og fotballen (Christensen & Sørensen, 2009). Eg erfarte at dei fleste av toppfotballspelarane som hadde gått på toppidrettsgymnas (seks av åtte) kunne sjåast på som ein positiv arena for utvikling. Dei som gjekk idrettslina kunne fortelja om ein bra allsidighet i form av aktivitetar og idrettar samt at skulen la til rette med å kunne ta å

fullføre skulen over fire år. Toppfotballspelarane som kunne velja idrettsfag, samt toppidrettsgymnas (ikkje dei som gjekk studiespesialiserande), fekk gjennom treningslære lært seg betydinga av trenerpåverknad ved leiing og introduksjon og betydinga og verdien av idretten i samfunnet dei er ein del av (Sæther, 2017). Som funn i sin studie, fann Sæther (2017) ut at sjølv om spelarane hadde ein hektisk skuledag, sa spelarane at dei hadde det bra på skulen og at det gjorde det greitt på skulen. Det same inntrykket fekk eg av mine toppfotballspelarar i min studie.

#### **4.1.2 Mikronivå – idrettsleg domenet**

Innanfor mikronivå - idrettsleg domenet vist i figur 3, vil det bli presentert funn med komponentar og diskutert i kva grad dei har vært viktige for miljøet rundt toppfotballspelaren. Det vil bli presentert og diskutert rundt miljøet i klubben med lag og lagkameratar/vener, og vidare vil det bli presentert funn om komponenten trenaren.

##### **4.1.2.1 Klubb**

Toppfotballspelarane hadde erfart at miljøet i klubben var viktig for fotballkarrieren deira. Alle toppfotballspelarane eg intervjuar spelar for tida i ein klubb i øvste divisjon for enten menn eller kvinner. Alle toppfotballspelarane hadde vore i andre klubbar og spelt for fleire lag. I klubbane erfarte og opplevde dei tryggleik, god oppfølging og bra tilgang på ressursar. For Anders så hadde han erfart litt forskjellig i moderklubben og valte å skifta til ein klubb i nærmiljøet og møtte der eit betre miljø.

*«I ..., så var det veldig bra. Der blei på ein måte ein del av ein liten familie, og tatt veldig godt i mot» (Anders).*

I følge Sæther (2017) har dei fleste profesjonelle starta karrieren sin i ein lokal breiddeklubb. Ein slik klubb er prega av nærleik til nærmiljøet og til skulen, og har ofte trenarar som er foreldre til ein av spelarane på laget, og har tilbod til alle som ønske å spela fotball i klubben. Frode hadde vore del av den største klubben i byen og såg ikkje på det som noko negativt.

Elles kunne dei kvinnelege toppfotballspelarane skryte over eit profesjonelt nivå i klubben deira, men dette skal eg kome tilbake til i komponenten føresetnadar i MS-modellen.

*«Altså no var jo eg i den største klubben i ..., så me fekk jo alt av treningsutstyr og me trena på gode fotballbanar. Men fotballske måtte ein stå for sjølv. Men alt anna, det var vel berre ein kontingent ein måtte betala. Sidan eg var eit talent då, så trur eg me fekk mykje utstyr gratis» (Frode).*

To faktorar som visar seg å vera forskjellig mellom ein breiddeklubb og ein profesjonell klubb er rammeforhold og profesjonalitet (Sæther, 2017). For to av dei kvinnelege toppfotballspelarane var det viktig å skryte over arbeidet moderklubbane deira hadde gjort for jenter og kvinner som spelte fotball.

*«Nei, eg føle at moderklubben min har vore veldig bra på mange måtar, både for meg og, men for heile damefotballen. Heilt sidan eg var 13-14 så har eg følt at me har blitt satsa på. Klart det er alltid nokon på den alderen som gir opp, men slik vil det vel alltid vera. Men så er jo mange ting opp gjennom åra som gjer at du føle at du ikkje blir satsa på. Men ikkje som enkeltspelar, men heile damefotballen» (Nina).*

I følge Asworth og Heyndels (2007) er det lite tvil om at klubbane representere den viktigaste arenaen i norsk spelarutvikling, i lys av treningsmengd, treningsinnhald og treningsrammer. Eit spørsmål om klubb vil vera av avgjerande betydning. Det er forskjellar i korleis klubbane tenke mellom ein del klubbar med tanke på kva type tilbod dei ønska å gå til sine utøvarar, men også kven dei ønske å vera klubben for (Sæther, 2017).

Når spelarane skulle ta steget frå junior til seniorfotball så var det litt forskjellar i korleis toppfotballspelarane erfarte og opplevde at klubben bidrog til å klare dette steget. Fleire følte dei var kasta ut i det, men ikkje at det var ubehageleg og fleire opplevde at klubben var flinke til å styre belastninga og gav dei tid til å takle overgangen. Nokon opplevde at å hospitere med A-laget hadde vært bra for å klare å ta steget. Det å hospitere kan gi unge utøvarar tillit innafor trygge rammer for å etablere seg på respektive lag, og det har i denne forbindelse vist seg å føra til at unge spelarar vil kunne utvikle nivået som trengs over tid (Joseph Baker, Cogley & Fraser-Thomas, 2009). Nina kunne fortelja om korleis det hjelpte å

kome opp med fleire og det å ha eit lite miljø rundt seg då ho skulle ta steget opp til seniorfotballen.

*«Men det hjalp jo kanskje med at me var fire - fem stykk på same alder som vart tatt opp. Det er jo klart det hjelpte jo litt. Så var det jo eit veldig lite miljø her, så du visste på ein måte kven mange av dei spelarar var frå før» (Nina).*

I følge Sæther (2017) så er overgangen frå junior til senior den vanskeligaste fasen. Dette fordi spelarane må vise at dei har ferdighetar som står seg mot jamnaldrande, men og i forhold til dei profesjonelle seniorspelarane. Du går frå å vera ein av dei beste i spelargruppa til å bli ein av dei svakaste. Få juniorspelarar klarar denne overgangen med å bli ein profesjonell spelar enten i Noreg eller utlandet (Sæther, 2017). Sæther (2017) seie det er tre hovudutfordringar som er kombinasjon av usikkerheita med å satse og totalbelastninga, samt kominasjonen med skulekvardagen. Hospitere og det å gi unge utøvarar tillit innfor trygge rammer for å etablera seg på respektive lag, kan føre til at unge spelarar vil kunne utvikla nivået som er trengs over tid (Joe Baker & Cobley, 2009).

I klubben og på laget der toppfotballspelarane spele oppleve toppfotballspelarane at dei har lagkameratar og venner. I følge TUM-modellen til Henriksen (2010) så er lagkameratar og venner ein del av mikromiljøet som er med på å påverka utøvaren miljømessigt på dagleg basis. Fleire av toppfotballspelarane skrøyt over miljøet dei hadde i klubben på laget deira og fortalte viktigheita av det sosiale miljøet rundt dei. Spelarane opplevde at eit godt samhald til trenarar og spelarar var viktig for deira utvikling.

*«Ja, eg støtte dette, ei heilhet sjølv sagt. Det må vera ein kombinasjon, men sjølv sagt fokus på laget og samhaldet, og det er enormt viktig for eigen, for om du ikkje trives så vil du ikkje i eit prestasjonsmiljø klare å levera. Med mindre du er stein hakka galen oppi hovudet. Men altså eg trur for heile, kva skal eg sei, for dei fleste så er det viktig med eit godt miljø der du føle deg trygg i og der du ikkje føle eit press om å måtte prestera betre enn alle andre, men har eit fokus på kva som kan bli gjort godt, dei gode opplevingane, frå ein god pasning til ein god kamerat. Ja, dei type ting» (Frode).*

I klubben til dei kvinnelege toppfotballspelarane så er det utskiftingar i troppen med spelarar årleg. Det er ofte utanlandske spelarar i klubben som kjem og går. I 2020 har som nemnt

fleire Norske lag starta elitesatsing for kvinner, noko som kan forklara at kvinnefotballen er i positiv utvikling, og dette kan vera med på å gjera at kvinnefotball er attraktiv for utanlandske spelarar. Fleire av verdens største klubbar satsar no på kvinnelag, med god økonomi som gjer at det er mogleg å satsa stort, i tillegg til ein etablert merkevare som er lettare å selja (Hoel et al., 2019).

Igjen står lagkameratar som er blitt gode venner og som har eit godt treningsmiljø. Det har gjort at eine toppfotballspelararen føle seg trygg og framleis er i klubben med tanke at ho har slite med skade og lite speletid. Ho i liknad med dei andre kvinnelege toppfotballspelarane fortelja om eit bra sosialt miljø i laget, men kanskje mest blant dei som står igjen når andre spelarar kjem og går.

*«Det har jo mykje å sei for om du trivest. Om du får ut potensialet ditt og om du føle deg trygg. Eg personleg synest i alle fall at om at eg har nokon eg er trygge på, så tar eg meg meir ut, og får ut, ja, tørr litt meir. Slik som i ... med at det kjem og går mange spelarar frå ulike land, så har det ganske mykje å sei at du har dei du er litt tryggare på og har venninner frå før liksom» (Elise).*

Medan fleire av toppfotballspelarane nemnte at det sosiale miljøet med lagkameratar og venner hadde vært og er viktig for fotballkarrieren deira, så kunne Anders fortelja at det ikkje hadde prega hans fotballkarriere like mykje.

*«Ja, eg har jo opplevd mange fine kulturar og hatt mange fine forhold med lagkameratar, men for meg har den reisa og min måte å føle eg der eg er no, har vore eigentrening føle eg» (Anders).*

I klubbar med eit godt miljø så kan kohesjon vera viktig. Fordi kohesjon kan vera viktig for å skapa og etablere ein felles kultur og for at utøvarane etablere ein felles kultur og for at utøvarane skal bli verande og føle seg trygge. Dersom eit lag består av personar som likar og verdsette kvarandre, så vil dette bidra til auka gruppekohesjon (Høigaard, 2008). Eg fekk eit inntrykk av at dei kvinnelege toppfotballspelarane i toppklubben hadde eit tett samhald.

Når det kom til det å ha venner utanom fotballen, kunne toppfotballspelarane fortelja at dei hadde det og at det var godt å tenke på noko anna enn fotball heile tida. Helle kunne fortelje

at ho gjekk på fest med venene, men at dette ikkje var noko stort problem i satsinga for fotballen.

*«Og når eg var yngre prioriterte folk å gå på fest, men så var det jo kjekt å vera med dei og, og tenka på noko anna» (Helle).*

*«Men så har eg satt strenge krav til meg sjølv, ja, og prioriterer fotball meir enn festlivet. Heller kommer edru og går litt tidlegare» (Helle).*

Nina var ein av toppfotballspelarane med høgare utdanning. Men ho arbeida ikkje som det ho var utdanna som enda. Ho prioriterte og satsa fotball framleis. Litt av grunnen til det forklare ho med det sosiale.

*«Eg vil jo sei det er heilt avgjerande, eigentleg. I alle fall for meg sjølv. Om eg ikkje hadde trivst i eit lag eller med det eg gjorde, hadde eg aldri brukt så mykje tid. Altså, eg veit ikkje alltid om du kan kalle det å ofre noko, men du må velja vekk mange ting. Det å liksom trivast med det du gjer og dei folka du omgås sopass mykje med, er avgjerande» (Nina).*

Det at toppfotballspelarane har nære relasjonar med venner både i og utanfor idretten vise seg å ha vært viktig for framleis deltaking i idrett (Patrick et al., 1999). I følge Henriksen (2010) så kan eit støttande treningsmiljø som er eit Inkluderande treningsmiljø med fokus på vennskap og sosial støtte, uansett nivå på utøvarane vera eit suksessfullt miljø.

Anders vart henta til klubben han var i, for deretter å få beskjed om å gå til ein naboklubb for å utvikla seg. Det var ein tung beskjed å få, men han gjorde det og vart henta tilbake til klubben etter å ha fått framgang. Nils var ein av toppfotballspelarane som hadde spelt i eit par klubbar. Han hadde vore på eit par utlån og samt skifta klubb eit par gonger. Han følte aldri den store « kjærleiken frå klubben » og tenkte på si eiga utvikling, så han gjekk på eit par utlån (både lokalt og litt lengre), samt takk nei til ny kontrakt med moderklubben og skifta klubb. Då eg spurte han om korleis det var å skifte miljø så mange gonger, så hadde ikkje dette vore noko problem. Han såg på seg sjølv som ein sosial type så gjekk godt overeins med omgjevnadane han var i.

*«I ... følte eg at ingen hadde trua på meg, eller eg følte at ikkje så mange hadde trua på meg. Eg tenkte jo berre at eg måtte gå vidare» (Nils).*

*«Så trur eg at eg er veldig lett å få inn i ei gruppe og. Eg har veldig lett for å komma inn i ei gruppe sjølv og sånn. Det handlar jo om den tryggleiken med at eg ikkje gjekk frå ... og til alle dei klubbane fordi eg visste at eg var trygge på meg sjølv sosialt sett. Aldri vorenoko heimekjær eller noko slikt, så dei vala blei tatt utan lukkande på grunn av fotballen» (Nils).*

Det å skifte klubb kan ofte vera nødvendig for utviklinga til ein fotballspelaren. Ein grunn til dette kan vera tilgangen til speletid og etableringa av ein fast plass på førstelaget i klubben (Sæther, 2017). I ein studie gjort av Bergsgard (2003) på fotballspelarar og langrennsutøvarar, var 85 % av dei som hadde skifta klubb, nøgd med å ha skifta klubb fordi dei følte at dei hadde fått framgang. Det same har Nils erfart. Eg får litt assosiasjonar frå Nils til Martin Ødegaard som prioriterer speletid og si eiga utvikling. Dette har han vist med å skifte klubb fleire gonger i fotballkarrieren hans. Det må jo vitna om ein sosial type som er flink til å tilpassa seg ulike nye miljø? Eller at miljøet i klubben ikkje er så viktig for Nils? For Anders så var det tungt å få beskjed om å skifte klubb for å utvikla seg. Men at han klarte å kome tilbake og motbevisa dei som ikkje hadde trua på han. Han var opptatt av eigetrening hadde betydd mykje og at du ikkje bør høyre på andre som seie at du ikkje er god nok. Kan det vera då at miljø ikkje har vore så viktig for Anders heller? Eg avsluttar med at klubbar er viktige for utvikling, at klubbskifte er viktig for utvikling og at tilpassingsdyktige individ er viktige.

#### **4.1.2.2 Trenaren**

Toppfotballspelarane hadde hatt fleire trenarar i sin fotballkarriere og meinte at trenarar hadde vore viktige for deira fotballkarriere. Fleire hadde opplevd ein god, men også ein dårleg relasjon. Dei fortalte om kva type trenar som appellerte til dei. Eit godt samarbeid mellom utøvarar og trenarar var viktig for utviklinga. Eit slikt samarbeid med fokus på tryggleik i miljø er med på å styrka utvikling (Henriksen, 2011).

*«Så har eg jo han som var i ..., då. Han fekk sjølvtiliten min opp igjen og hadde veldig trua på meg. Og det hjelpte jo meg, eigentleg. Dei trenarane som fungerer med meg, er om eg føle at trenarane like meg, og har trua på meg. Så veks eg under det, då. Medan eg har merka ganske kjapt om nokon tviler eller ikkje har trua på meg» (Nils).*

Eit par av dei kvinnelege toppfotballspelarane hadde fått lov til å spela med gutar då dei var yngre, noko dei meinte hadde hatt ein del å sei for utviklinga deira, på ein positiv måte. Det kunne Oline takka trenarane for, ettersom dei gav ho lov til dette, samt at dei hadde trua på ho.

*«Ja, absolutt. Spesielt i ... var det viktig for meg at trenaren verkeleg hadde trua på meg. Dei gav meg lov å trenar med gutane som var eldre enn meg frå tidleg av. Dei har alltid villa det beste for meg og har tatt meg med, pusha meg på nivå og latt meg vera med gutar som er eldre. Eg har fått lov å trenar på det mogleg nivået som eg kunne i ...» (Oline).*

I følge Sæther (2017) er ein trenar heilt avgjerande for ein spelars utvikling, uavhengig av kva nivå ein er trenar er på, i forhold til individualisering og progresjon i spelarutviklinga. Hensikta til ein trenar er å bidra til at spelaren utviklar evnar og ferdigheitar (Sæther, 2015). For Frode hadde trenaren vore viktig for fotballkarrieren og trenaren hadde hatt fleire roller rundt hans karriere og framleis var ein viktig person.

*«Då er me tilbake til han trenaren min eg hadde på toppidrett. Han var òg trenar på klubblaget mitt, og han var spelarutviklar. I alle fall mitt inntrykk, veit ikkje om dei andre på laget følte det same. Han følgde meg opp enormt mykje, og me diskuterte situasjonar og slike ting heile vegen - Kor eg kunne gjere det betre. Slik som det er i dag, har me framleis kontakt og snakkar om kampar eg har spelt og treningar eg har hatt, for å skvise ut det litle ekstra og prøve å bli betre» (Frode).*

Anders hadde ikkje opplevd den største støtta på heimebane som fleire av dei andre toppfotballspelarane. Difor fekk eg eit inntrykk av at trenaren hadde vore ein viktig person i fotballkarrieren hans. Han hadde skifta over til ein klubb i nærmiljøet og fekk eit tett samarbeid med juniortrenaren i klubben som gav han mykje i utviklinga.

*«Den har vært stor. Som eg nemnte tidlegare når eg på ein måte tok steget frå ... til ..., så fekk eg ein juniortrenar som gav meg ganske mykje både når det kom til sjølvtilitt og gi meg råd» (Anders).*

Dette kan vise at kvaliteten på trenarar vil påverka kvaliteten på spelarutviklinga etter kvart som spelarane blir eldre og får betre ferdigheitar. Det er og viktig at trenaren legg til rette for



at spelarane får utfordringar (Sæther, 2017). Positive og støttande holdningar frå signifikante andre, som for eksempel foreldre og trenarar, kan sjåast på som viktige dei første åra i idrettsdeltakinga for å oppnå suksess i idrett (J. Baker, Horton, Robertson-Wilson & Wall, 2003). Foreldre hadde vært viktig for toppfotballspelarane, og for Anders så kan nok trenaren ha vært like viktig.

#### **4.1.3 Makronivået idrettsleg domenet**

I forhold til mikronivå som påverkar utøvaren direkte, så skal eg her presentere funn frå makronivå – idrettsleg og diskutere korleis idrettslege komponentar som i liten grad påverkar utøvarens utviklingsmiljø, men som likevel har ein påverknadskraft.

Det vart gjort funn om at organisasjon hadde vore viktig for miljøet rundt toppfotballspelaren. Organisasjonen som viste seg å vera framståande, var Norges Fotballforbund (NFF) som har ansvar for landslag, og den raude tråden ned til kretslag. Dette ved at det var seks av dei åtte intervjusubjekta som hadde vore innom kretslag og aldersbestemt landslag. Den eine toppfotballspelaren hadde også vore innom A-landslaget. NFF har utvikla landslagsskolen som har som intensjon å identifisera, stimulera og utvikla dei mest lovande 12-16 åringane. Målet er å identifisera spelarar som har eit eigeskap til eiga utvikling, og som kan utvikla seg til toppspelarar på nasjonalt og internasjonalt nivå (NFF, 2021b).

##### **4.1.3.1 Kretslag**

Fotballforbundet har delt opp i kretsar og regionar, men kretsane er også eigne organisasjonar. Kretslaget spelar kampar mot dei andre kretslaga i regionen. Kretslaget skal ha ein tropp som består av 18 spelarar og spelarane skal ha ein klart definert rolle på kretslaget (NFF, 2021a). Funnt som vart gjort var at dei seks toppfotballspelarane som hadde vore innom kretslaget såg på det som noko positivt i fotballkarrieren deira. Der møtte eit miljø som var seriøst, men også det at det var gode spelarar. Det var også opplevelsen av

god oppfølging frå kretsen deira. Det var i tillegg til dette ei dør vidare om ein hadde som mål å koma på landslaget.

*«... fotballkrets har betydd mykje for meg, for eg fekk heile tida ein peikepinn på kven dei beste var og fekk matcha meg mot dei. Det har òg vore organisert mange turneringar og det har eg vore veldig glad i» (Frode).*

For dei kvinnelege toppfotballspelarane så var kretslaget og ein sjans til å treffa andre gode jenter som kunne spela fotball samt at det var kjekt å sjå at jentene vart satsa på slik som gutane vart.

*«Eg synes det var veldig motiverande å være med på kretsen og sjå for første gong andre jenter som var veldig gode i fotball. Det hugsar eg var utruleg kult. Det å møte andre jenter som berre syntes var dritgøy å spele fotball og var på eit bra nivå, og at det ikkje berre var gutar som kunne spele fotball» (Oline).*

*«I alle fall når me byrja med kretslag og slike ting. Då følte eg at min årgang var ein del av ein litt større satsing enn det kanskje var tidlegare. Me blei tatt veldig på alvor, fekk dra på turar og turneringar, noko dei tidlegare ikkje hadde gjort. Det føler eg var veldig positivt. Det at du på ein måte blei likestilt med gutane. Eiit gutelag og eit jentelag som drog, ikkje berre gutelaga som det hadde vore tidlegare. Berre det at du blir satsa på og blir tatt på alvor» (Nina).*

Det at kretslaget har vore viktig for toppfotballspelarane kan vera fordi fleire av spelarane ikkje var i toppklubbar då dei var yngre. Som tidlegare nemnt starta dei fleste utøvarar i ein lokal breiddeklubb (Sæther, 2017). Det kan ha vore god utvikling for dei å vera med der med å trenast med andre gode spelarar.

Johan hadde han eit avslappa forhold til det å vera på kretslaget. Han likte sonelaget betre, ettersom det var fleire kjente frå nærmiljøet der. På kretslaget måtte han spela i ein annan posisjon og på kretslaget erfarte han eit meir seriøst miljø som krevja litt meir.

*«Eg var veldig avslappa til det og, ja, og som sagt eg vart satt i ein ny posisjon som eg ikkje likte så veldig godt. Etter å ha spela den første kretslags-kampen som eg spela i den*

*posisjonen, så fekk eg beskjed av trenaren om at dei fann ein betre venstreback så er du ute»*

(Johan).

Nils hadde ikkje vore ein del av kretslaget, men delte nokre tankar om det. Han hadde vore ein del av ei talentsatsingsgruppe i nærmiljøet sitt, der klubbar sendte inn sine beste spelarar for meir trening. Han hadde eit positivt inntrykk av å vera del av ei slik gruppe og såg ikkje på det som noko negativt med tanke på utviklinga, med tanke på å ikkje ha vært del av eit kretslag.

*«Eg trur det var kvar fredag, eller annakvar fredag. Ganske ofte, så trur eg du får utvikling av det. Med kretslag og slikt, der ein berre møtes og spela kampar, får du utvikling gjennom kampane, men du får ikkje den vekelege, det gir vel berre meir motivasjon og ny giv å vera med på, og kult å vera med på» (Nils).*

Det å vera eit del av kretslag og landslag vil sei at du har blitt selektert. Toppfotballspelarane hadde blitt tatt ut til tiltak som har til hensikt å utvikla dei spelarane som til ein kvar tid er blant dei beste innafor sitt årskull. Seleksjon er ein sentral mekanisme i dei fleste idrettskontekstar, og baserer seg på ein tanke om at dei beste utøvarane må få moglegheita til å utvikla potensialet sitt (Sæther, 2017). Kretsen si rolle gjennom Landslagsskulen vil vera å identifisera dei mest ambisiøse unge spelarane med størst potensial, samt å ta dei ut til sone-, og etter kvart kretslag. Dette skjer når spelarane er 13 år, og er eit tilbod retta i tillegg til spelarane sin klubbkvardag (og i enkelte gonger i staden for, avhengig av totalbelastning) (Eggen, 2017). I følge Eggen (2017) vil sone- og kretslag ha større moglegheit enn toppklubbane for å påverka dei spelarane som er dyktige og ambisiøse, men som enno ikkje er klare for å ta steget det blir krevje for å gå til ein toppklubb. Difor kan eg forstå at toppfotballspelarane har hatt eit positivt forhold til kretsaget då dei var i sin moderklubb i trygge omgjevnader og blei supplert med eit godt sportsleg tilbod med sone- og kretslag.

Men kva då med dei som ikkje kom med på kretsaget, og vidare til aldersbestemt landslag? Dei klarte jo likevel å koma seg til øvste divisjon i fotball for herre. Kan dei ha vore født seint på året? No la eg ikkje fram i min studie kva tid på året toppfotballspelarane var født, men tidlegare forskning av Haulan og Sæther (2011) har sett på at unge fotballspelarars fødeselmånad har vist seg for å vera avgjerande for moglegheitene til å bli selektert til aldersbetestemte landslag. Studien deira vart gjort på selekterte spelarar i 2009 og resultatata

viste at 30 – 50 % av landslagskulla er født mellom januar og mars (Haulan & Sæther, 2011). Liknande resultat fekk Thomas Peterson (2004) i sin forskning om det kunne bli observert relativ alderseffekt (RAE) i svensk ungdomsfotball. I studien såg han på 1984-årgangen og der var det klare funn heile vegen. Ungar født tidleg på året dominerer på både regionslag og på ungdomslandslag. Ein grunn til dette kunne vera at trenarar tenkjer på kravet om raske resultat i staden for utvikling (Peterson, 2004). I følge Ashworth og Heyndels (2007) kan konsekvensen det å vera født seint på året kan for unge spelarar vera stor. Dette fordi dei blir sett på som dårlegare i forhold til dei som er tidleg født på året, og ikkje havnar i ein god og profesjonell klubb. I følge teoriar er dette viktig for ein spelars utvikling. Årsakene til det er at treningsfasilitetar, treningsintensitet og kvaliteten er generelt høgare og betre i tobbklubbar, og at spelarane på bakgrunn av dette får ein betre fotballutdanning ved å vera i ein profesjonell klubb (Ashworth & Heyndels, 2007).

#### **4.1.3.2 Aldersbestemt landslag og A-landslaget**

Dei same seks toppfotballspelarane som hadde vore innom kretslandet, var dei same som hadde vore ein del av eit aldersbestemt landslag. Ein kvinneleg toppfotballspelar hadde også vore på A-landslaget. Aldersbestemt landslagsfotball startar frå ein er 15 år gammal. Fleire av spelarane hadde hatt som mål å nå landslaget, og nokre av dei går enno med tankar om å nå A-landslaget. Det viste seg at det å vera del av eit miljøet rundt landslag var kjekt grunna at det var eit bra sosialt miljø. Der får ein også testa seg mot dei beste i landet og sjå korleis nivået er både nasjonalt og internasjonalt. To av toppfotballspelarane hadde følgd kvarandre gjennom aldersbestemte landslag og hadde litt ulike meiningar om korleis det var å vera ein del av eit slikt miljø. For Oline så var det stor stas å vera med på landslaget, medan det for Elise hadde vore noko tøft sosialt, med det å treffa nye og ukjente.

*«Det at eg synest fotball har vore så gøy det siste året er på grunn av samlingane med landslaget, fordi eg har fått nokon av dei beste venninnene mine der og me har hatt det utruleg gøy på samling. Det har vore kjekt å spela med dei som er like gamle og er skikkeleg gode. Det å spela meisterskap har vore kult og motiverande» (Oline).*

*«Eg synest det var ubehageleg. Eg er ikkje slik som «Oline», liksom. Ei som kjem overeins med alle. Du hadde jo ikkje dei close vennane dine der då» (Elise).*

For Johan vart det kjekkare å delta på landslaget etter at fotball vart ein jobb.

*«Då synest eg det var kjekkare. Dette var når eg var innom tidleg at eg hadde denne innstillinga. Når eg kom inn igjen når eg var 18/19 år, og eg skjønnte at det er ein jobb, då merka eg at det gav meg mykje meir. Eg var mykje meir motivert for å reisa på landslagsamlingar, syntest det var kjekt og møte den gjengen, trene med dei og sjå kor nivået låg. I starten var det ikkje så viktig for meg, men etterkvart merka eg at eg la meir i det for å kome med og for å vera ein del av landslaget» (Johan).*

I følge Haulan og Sæther (2011) er dei aldersbestemte landslaga er ein viktig utviklingsarena for norske fotballtalent. Dette fordi dei spelarane som blir selektert, er dei beste spelarane i kullet og representere framtida i norsk toppfotball (Haulan & Sæther, 2011). Men studiane til Haulan og Sæther (2011) og Peterson (2004) har og vist at det kan og vera fordi spelarane vart født tidleg på året.

I følge Haulan og Sæther (2015) viste det at landslagsspel kan føre til tippeligaspel. Det å spela på eit aldersbestemt landslag kunne vera eit godt springbrett for å enda opp som ein profesjonell fotballspelar (Sæther, 2017). Dette viser min studie, med at seks av åtte toppfotballspelarar har vore innom aldersbestemt landslag. Men i følge Holt og Dunn (2004) har det vist seg at spelarar kan følge ulike strategiar i sitt mål om å nå toppen. I deira studie viste dei at ein kan bruke aldersbestemte landslag som eit springbreitt mot ein profesjonell karriere, medan andre satsa på spel for ein profesjonell klubb. Dette passar opp mot Nils og Anders, dei som ikkje har vore ein del av verken kretslag og aldersbestemt landslag.

Oline var einaste toppfotballspelaren som hadde vore del av eit A-landslag. Der erfarte ho ei anna side av landslagsfotballen, nemleg at det var eit litt kynisk miljø med at ein sette seg sjølv føre laget, for at ein skal sjølv skulle klara å prestera og nå lengst mogleg. Dette var ulikt med tanke på det sosiale miljøet ho har erfart på aldersbestemt landslag og i sitt eige klubblag.

*«For eg merka at når at eg var på A-landslaget, så var enkeltpersoner føre laget. Det synest eg var kjipt. Det viktigaste for meg var at laget vann,, men det var slik at fleire ville heller vise seg fram og spele ditten og datten, og gløymte at det var Noreg som skulle vinne» (Oline).*

Oline fekk dermed erfare at øvste nivå av kvinnefotball kunne vera litt kynisk, og det var litt ulikt miljø i form av det sosiale. Likevel likte ho å vera der. Ho har også ambisjonar på fotballbanen og eit ynskje om å vera med vidare på A-landslaget.

Ut i frå funna mine innafor mikronivå idrettsleg og ikkje-idrettsleg, ser ein at fleire komponentar i miljøet har vore viktig i fotballkarrieren til den enkelte toppfotballspelaren.

## **4.2 Miljøsuksess-modell**

I denne delen av oppgåva så går eg innpå funn som passa med komponentar frå Miljøsuksess-modellen. Då TUM-modellen er beskrivande, vil MS-modellen vera forklarande i kva faktorar som er avgjerande for miljøets suksess. Modellen dannar ei forståing på korleis miljøet kan vera suksessfullt med tanke på å utvikla talentfulle utøvarar til profesjonelle utøvarar (Henriksen, 2010).

### **4.2.1 Føresetnadar**

Det kom fram at føresetnader i klubb kan ha vore viktig for miljøet rundt toppfotballspelaren. Føresetnadar frå mine funn vil sei ressursar i form av klubben sin økonomi, fasilitetar, anlegg og utstyr. Føresetnadar er dei økonomiske-materielle- og menneskelege ressursane som kan påverka utviklingsprosessen (Henriksen, 2010). Vidare vil eg presentere korleis klubben har bidrege med ressursar i fotballkarrieren til toppfotballspelaren og vise korleis klubben står fram med eit profesjonelt miljø, særleg med tanke på funna frå dei kvinnelege toppfotballspelarane. I følge Henriksen (2010) kan det bli eit suksessfullt miljø om det blir gitt støtte til idrettsleg aktivitet hos utøvarane, med at det blir gitt moglegheit til å fokusera på idretten, der relasjonane rundt utøvarane akseptere og anerkjenne satsinga.

#### 4.2.1.1 Økonomi

Fleire kunne fortelja at foreldra bidrog med økonomi. Dette var ikkje noko som var sjokkerande å finne ut. Det var liknader mellom klubbane til dei kvinnelege og mannlege toppfotballspelarane. Alle toppfotballspelarane hadde profesjonell kontrakt og ingen av dei hadde anna arbeid utanom fotballen. Det vart ikkje snakka direkte om lønna i intervjuet, men tidlegare forskning har vist at menn tenar betre enn kvinner innafor fotball (Allison, 2016).

Alle toppfotballspelarane var stort sett nøgde med klubben sine ressursar. Dei hadde hatt god tilgang på fasilitetar, anlegg og utstyr frå klubbar i heile fotballkarrieren. Begge klubbane som toppfotballspelarane spelar til dagleg i er toppklubbar.

Det kom fram at dei kvinnelege toppfotballspelarane var nøgd med korleis det var i klubben med tanke på at det var eit profesjonelt miljø. NFF har som hovudmål å leggje til rette for at spelarane kan bli best mogleg, uavhengig av adresse, klubb og kjønn (NFF, 2020). I 2020 har fleire Norske lag starta med å satse på eliteserielag for kvinner, noko som synleggjer at kvinnefotballen er i riktig retning. Dette var interessant å høyre om ettersom at det i toppidretten er rapportert om store forskjellar mellom herre- og kvinnefotball både internasjonalt og nasjonalt, spesielt med tanke på ressursar (Allison, 2016). Dette fekk dei kvinnelege toppfotballspelarane bekrefte då det kom andre spelarar i klubben frå andre klubbar, samt at dei fortalte om kva dei hadde tilgang på i klubben og det store støtteapparatet. Helle kunne fortelja om eit profesjonelt miljø med tanke på ressursar i klubben ho er i. Toppfotballspelarane har god tilgang på ressursar og blir følgt godt opp av støtteapparatet i klubben. Vidare kunne Helle fortelja om kor bra dei vart passa på i klubben med tanke på at dei blant anna har fysioterapeut på kvar trening, noko som ikkje alle toppserielag har, samt at dei får fort MR-undersøking og tilgang til privatsjukehus. Klubben blir òg tatt blodprøvar av for å følge med på helsa deira. Vidare kunne ho fortelja om då nye spelarar kom til klubben. Dei nye spelarane pleidde vera imponert over profesjonaliteten i klubben. For dei mannlege spelarane var dei nøgde med ressursane, men det kom likevel fram at klubben kunne hatt det enda betre.

*«Ja. Det merkar dei nye som er komen no i frå andre toppserieklubbar. Dei seier at det er eit steg opp, og det er jo kjekt å veta» (Helle).*

Vidare kunne Helle fortelja om korleis klubben la opp til at ho framleis kunne spela fotball med at dei hjalp til då ho tok høgare utdanning. Klubben hadde og hjelpe til då ho jobba ein del i fjor. Plutseleg kom Corona-pandemien, og ho ville fortsette med å prioriterte fotballen. Då betalte klubben kompensasjon slik at ho kunne fortsette å satse. På grunn av det har ho no fått ein betre kontrakt, ein kontakt som seier at ho berre skal spela fotball og ikkje har lov til å arbeida med anna. Det at ho også har ein sambuar som jobbar med anna arbeid enn fotball, gjer at ho klarer å kombinera fotballsatsinga med å samtidig kunne betale hus og bil.

*«Men i forhold til ressursar og slikt, så veit eg ikkje om eg kan dra inn dette, då. Det er jo litt det at eg gjekk jo på sjukepleie, og då la dei til rette for at eg skulle få til utdanninga mi. Dette har jo ingenting med klubben å gjera, men det er jo på ein måte ressursar på utsida som har gjort at eg har kunne satsa når eg tok ein bachelor» (Helle).*

*«Nei, eg jobba ein del i fjor. Så kom Corona og då prioriterte eg fotballen sidan eg spelte fast. Hadde det vore smitte så hadde eg blitt satt ut. Difor prioriterte eg fotballen. Eg fekk ein kompensasjon for ein måned der ein berre kunne spela fotball. Og så fekk eg ein betre kontrakt etter det, så no har ein ikkje lov til å arbeida, heller» (Helle).*

Dette vitnar om ein profesjonell klubb som tar vare på toppfotballspelarane sine. Det var interessant å høyre frå eigentleg alle dei fire toppfotballspelarane om kor profesjonell klubben var. I følge Kaelberer (2019) har kvinnelag dårlegare rammevilkår enn herrelag. Forsking viser også at kvinnelege fotballspelarar tenar betydelig mindre enn mannlege fotballspelarar (Skogvang, 2014). Toppfotballspelarane i denne klubben gir meg, heldigvis, eit inntrykk av det er i betring. Nina seier det på denne måten.

*«Kva tenkjer du om at klubbane har auka si satsing på kvinnefotball?» (Intervjuar).*

*«Eg føler at det no er eit større fokus på det, mange som snakkar om det - at dei skal ha eit fokus på det og at det skal bli betre og alt dette her. Men, det går tregt. Det går framover, men det går seint» (Nina).*

Den mannlege toppfotballspelaren, Johan, kunne fortelja litt annleis om klubben han er i. Han meinte at klubben hadde bra ressursar, men at det framleis var rom for forbetringar til å



verta meir profesjonelt. Han samanlikna då sin eigen klubb med dei andre klubbane i eliteserien. Han trudde det var ulikheitlar i forhold til klubbane rundt om i eliteserien.

*«Nei, eg trur nok det er andre som har betre fasilitetar enn oss. Det er jo dei som har ny stadion som ofte har alt på ein plass» (Johan).*

Dette stemmer overeins med det som Henriksen (2010) fann ut om at det bli eit suksessfullt miljø om det blir gitt støtte til idrettsleg aktivitet hos utøvarane med at det blir gitt moglegheit til å fokusera på idretten, der relasjonane rundt utøvarane akseptere og anerkjenne satsinga.

Då Nina reiste vekk for å studera høgare utdanning, skifta ho toppserieklubb. På den måten fekk ho erfara korleis det var å spela i ein annan klubb enn moderklubben hennar. Det var forskjell i profesjonalitet i motsetning til det ho var vant til, men og liknadar i form av treningsmiljø, sjølv om den andre klubben hadde eit mindre profesjonelt miljø. Med profesjonalitet så kan ein sei at ein er kjøpt fri til å kunne trenast meir.

*«Største forskjellen var jo at i den eine klubben var så og sei ingen profesjonelle. Dei fleste var på jobb og skule på dagtid, og så var det trening på ettermiddagen eller grytidleg morgontrening nokre dagar i veka. Det viser liksom at sjølv når ingen var profesjonelle, var ein likevel veldig ivrig. På ein måte er det sjølv sagt at det er forskjellar innan i ei gruppe. Men i det store og det heile så er folk veldig ivrige på å trenast og bli betre. Det å få til noko» (Nina).*

Dette viser at ein ikkje treng å vera ein del av eit profesjonelt miljø, så lenge ein kan ha eit godt treningsmiljø. I følge Ashworth og Heyndels (2007) er treningsfasilitetar, treningsintensitet og kvaliteten generelt høgare og betre i toppklubbar, og at spelarane får ein betre fotballutdanning ved å vera i ein profesjonell klubb. På ei anna side seier funn som Henriksen (2010) har gjort, at hardt arbeid og innsats over tid blei sett på som nøkkelen til suksess. Størrelsen på budsjettet påverkar arbeidet med å utvikla talentfulle utøvarar. Der gode føresetnadar er ein fordel, så vil det daglege arbeidet med dei føresetnadane ein har, vera det viktigaste (Henriksen, 2010). Det var interessant å høyre om kor bra dei kvinnelege toppfotballspelarane har det i klubben sin, og ikkje minst at det kan tyde på ei betring for satsinga på kvinnefotball.

## 5 Konklusjon

Føremålet med denne masteroppgåva var å finne ut korleis miljøet har hatt innverknad i fotballkarrieren til mannlege og kvinnelege toppfotballspelarar som til dagleg spelar i norsk toppfotball. Problemstillinga til masteroppgåva mi var følgande:

*Korleis kan miljø ha vore med på å utvikla norske toppfotballspelarar?*

Funna mine har kome gjennom semi-strukturerte intervju med toppfotballspelarar der individet fortalte om sine erfaringar, opplevingar, meiningar og tankar om fotballkarrieren deira. Gjennom TUM- og MS-modellen til Henriksen (2010), fekk eg hjelp til å strukturera funna mine. Funna vart også diskutert opp mot annan relevant forskning.

Etter analyseringa av mine gjennomførte semi-strukturerte intervju, fann eg ut at følgande komponentar i miljøet rundt fleire av toppfotballspelarane hadde vore viktige for fotballkarrieren deira. Dette var følgande: Familie, skule: vidaregåande skule, klubb med lag og lagkameratar/vener, trenar, organisasjon: Norges Fotballforbund med kretslag og aldersbestemt-landslag, og føresetnadar i form av ressursar (økonomi, fasilitetar, anlegg og utstyr) i klubb.

Dei åtte punkta i frå tabell 1 til Henriksen (2010), kjenneteiknar eit suksessfullt miljø. Der passa også fleire av funna frå min studie inn. Det var også ulikheitar frå mine funn, ettersom ikkje alle toppfotballspelarane hadde opplevd og erfart det same i sin fotballkarriere. For fleire av toppfotballspelarane hadde fleire av punkta frå tabellen vore viktige. Det viste seg at det var fleire komponentar som påverka toppfotballspelarane si utvikling og deira veg mot å kunne spela i norsk toppfotball. I liknad med Sæther (2017) sine funn, viste også mine funn at foreldre og vener hadde ei rolle i miljøet når det gjaldt viktigheita for at toppfotballspelaren skulle nå toppfotballen. Det same gjaldt trenaren og klubbmiljøet, samt skulemiljøet ein var ein del av. Eg fann også ut at det var andre komponentar som kunne vera bra for fotballkarrieren, då med tanke på det å skifte klubbar eller å gå på utlån til andre klubbar. På den måten hadde ein moglegheit til å få positiv utvikling via meir speletid enn i den klubben ein vanlegvis spelte i.

I motsetning til dei fleste av toppfotballspelarane, hadde ikkje alle erfart like stor oppfølginga frå familien. Heller ikkje alle følte seg heilt satsa på av klubben. Det eine intervjusubjektet mitt meinte at utviklinga gjekk i riktig retning då han skifta til ein klubb i nærmiljøet. Ein klubb som vart som ein liten familie for han, der han fekk ein god relasjon til juniortrenaren i den nye klubben. Juniortrenaren hadde vore viktig for utviklinga hans på fotballbanen. For same intervjusubjekt var eigentrening spesielt viktig. Dette skilte seg ut i frå dei andre intervjusubjekta, då dei absolutt snakka mest om det sosiale miljøet i form av vener og lagkameratar. Slike funn har vore med på å vise at det er fleire vegar å gå for og bli ein norsk toppfotballspelar.

Med tanke på bakgrunnen til toppfotballspelarane hadde eg på førehand gjort meg fleire tankar om kva eg trudde eg kom til å finne ut. Eg fekk gjennom masteroppgåva mi bekrefta at forforståinga mi stemde, altså at miljøet hadde vore viktig for toppfotballspelarane, og at det ikkje var store skilnadar i fotballkarrieren til toppfotballspelarane, og heller ikkje mellom kjønna. Studien fekk fram at dei kvinnelege og dei manlege toppfotballspelarane har liknande bakgrunn i form av miljø, som til dømes støtte frå familie, det å kunne kombinere skule og fotball på vidaregåande, vera innom kretslag og aldersbestemt landslag, samt vera del av ein toppklubb/profesjonell klubb. I motsetning til dette kom det også fram i studien min at ikkje alle opplevde dette.

Interessant var det også å sjå at dei fleste toppfotballspelarane stort sett hadde haldt seg til fotball som idrett, med tanke på å drive med andre idrettar og aktivitetar. Mange av dei hadde vore innom litt forskjellig, men ikkje nok til at dei meinte at det hadde satt sitt preg på fotballkarrieren deira. Det eine intervjusubjektet mitt hadde, med hjelp frå foreldra sine, fått inn friidrettstrening, og meinte at dette kunne vera ein av grunnane til at fysikken hans var god i fotballkarrieren. På bakgrunn av dette kjem det fram at det kanskje ikkje hadde vore negativt for fotballspelarar som vil nå toppfotballen å prøve ut andre idrettar, for å tileigne seg ein allsidig idrettsbakgrunn.

Kanskje er me allereie vitne til ein generasjon toppspelarar som blei «tvunge til å velja» i yngre alder enn tidlegare generasjonar. Dette fordi akademi og talentsatsingsgrupper har blitt starta i lokale klubbar. Den eine toppfotballspelaren mente at det var denne vegen det gjekk no. Vidare kunne han fortelja om unggutane som no fekk komma opp på A-laget, det

at dei er avhalds og at dei er veldig fokuserte på kosthold, trening og søvn. I følge Ommundsen (2011) vil det å spesialisera idrettsaktiviteten bety overgangen frå idrettsleg mangfald i treningsinnhald med eigenverdi til innsnevring i treningsinnhald med instrumentelt prestasjonsfremjande verdi. Frå konkurransar som arbeidsmåte og middel til læring, til konkurransar som mål i seg sjølv med fokus på prestasjon og resultat. Folk er delt i synet på tidleg spesialisering for å fremme god prestasjon i idrett. Nokon meiner dette er avgjerande, medan andre meiner at ungar må trenast fysisk og motorisk allsidig og på den måten få erfaring frå ulike idrettar, før dei tar til med spesialisert idrettsopplæring (Ommundsen, 2011).

Som skilnadar merka eg meg at det for eit par av dei kvinnelege toppfotballspelarane hadde vore av stor betydning å få spela med gutar. Fleire av dei meinte at det hadde vore positivt for utviklinga deira, ettersom gutane var betre å spela fotball. Dette er ein moglegheit som ikkje finnes for gutane. For gutane kan løysninga vera å hospitere til andre lag, for eksempel til lag med eldre og meir erfarne spelarar. Funna mine visar at det å hospitera til andre lag var noko som hadde fungert bra for fleire av toppfotballspelarane, spesielt med tanke på å gå frå juniorfotball til seniorfotball.

To av intervjusubjekta mine hadde starta sin fotballkarriere i ein moderklubb, som var ein toppklubb. Det gav gode føresetnadar å vera del av ein slik klubb. Seks av dei åtte toppfotballspelarane hadde vore innom kretsaget og aldersbestemt landslag, og ein av dei seks personane hadde også vore innom A-landslaget. Dei to som ikkje hadde vore innom noko slikt, kom seg likevel opp i toppen av norsk toppfotball. Begge disse to hadde gått på utlån til andre klubbar, noko som hadde gjort at utviklinga deira gjekk rett veg. Det viser at ein ikkje alltid må gå same vegen for å bli ein toppfotballspelar. Kanskje hovudfunna gjort på dei nemnte komponentane frå miljøet dermed ikkje har vore så viktig for dei to.

Med tanke på kva toppfotballspelarane har erfart at gode utviklingsmiljø er, fann eg ut at det å koma inn på ein vidaregåande skule og gå ei linje der ein går i lag med andre som tenkjer og ynskjer det same som seg sjølv, er viktig. På den måten viste det seg at ein kom ein inn i eit godt treningsmiljø med andre som ynskja det same som deg. Anna som var positivt med dette var at ein fekk ein tilrettelagt samspelet mellom skule og fotball. Kretsaget og aldersbestemt landslag har vore eit motiverande miljø å vera ein del av, der ein har

moglegheit til å møte andre gode spelarar rundt same alder. To av toppfotballspelarane hadde vore ein del av eit akademi og talentsatsingsgruppe, og snakka positivt om utviklingsmiljøet med å vera ein del av dette. Der var det mykje trening, gode spelarar og gode trenarar.

Det hadde vore interessant og gjort ein studie på akademi og talentsatsingsgrupper, dette fordi sjølv om fleire av toppfotballspelarane ikkje hadde vore del av det, så hadde dei nokre tankar om eit slikt tilbod, då dei erfarte at det var meir populært no i desse tider. Om eg skulle gjort andre studiar basert på funna mine i denne masteroppgåva, kunne det vore spanande å forska meir på toppfotballspelarar som ikkje har vore innom kretslag og aldersbestemt landslag, samt gjort ei undersøking på toppfotballspelarar som ikkje har gått toppidrettsgymnas eller idrettsline. Det kunne også vore spanande og gjort ein studie på kvinnelege toppfotballspelarar med fokus på det å få spela fotball med gutar, samt sitt på dei ulike klubbane i Toppserien med fokus på eit profesjonalitet miljø. Den eine kvinnelege toppfotballspelaren som hadde vore innom A-landslaget, kunne fortelja at ho opplevde eit meir kynisk miljø der, som også hadde vore interessant og gjort ein studie på. Tenk å kunne få gjennomført ein studie på det kvinnelege og mannlege A-landslaget, med fokus på kva spelarane erfarer og opplever at det sosiale miljøet i laget.

Nyare forskning har vist at ein kan ikkje berre kan sjå på talent, men at ein også må sjå på miljøet rundt fotballspelarane. Forskinga som er gjort på dette feltet visar at det er fleire komponentar som påverkar unge spelarar si utvikling, men det dei ulike studiane har til felles er at det er vanskeleg å kunne føresjå kven som lukkast (Sæther & Mehus, 2016). Dette viste også min studie. Ikkje alle hadde vore eit stort talent, og fleire hadde opplevd at miljøet rundt dei hadde vore viktig for at dei hadde lukkast i nå norsk toppfotball.

Som eit lite tips til trenarar og idrettslærarar, bør ein i følge Henriksen (2010) skape eit utviklingsmiljø der alle utøvarar blir gitt ein moglegheit til å kunne utvikla seg, sjølv om det er vanskeleg å seie kven som vert best.

No ser eg miljø og fotball i fleire samanhengar. Nyleg kom eg over to interessante artiklar om miljø i forhold til klubbane SK Brann og Manchester United. I disse avisartiklane kunne ein lesa om branntrenar, Kåre Ingebrigtsen, som har rydda opp i miljøet i klubben (Ould-Saada & Aulstad, 2021), samt om Ole Gunnar Solskjær som prøvde å overtale spissen Edison

Cavani om å fortsette i klubben og lokke han med tanke på kva miljø dei no hadde skapt i klubben (Gjerde, 2021). Dette visar også at miljø spelar ei viktig rolle innafor fotballen i utlandet, så vel som for fotballen i Noreg, slik studien min visar.

Avslutningsvis vil eg kome med eit utsegn frå den eine toppfotballspelaren, Frode, som eg syntest passa denne masteroppgåva godt. I følge han sjølv var han aldri ein «einer» eller eit stort talent, men likevel spelar han i norsk toppfotball og fortel om korleis komponentar i frå miljøet rundt han har vore viktig for fotballkarrieren hans.

*«Og så har eg vore heilt avhengig av andre rundt meg. Utan andre si hjelp, og då meiner eg trenarar, foreldre og klubbar, hadde eg aldri klart og oppnådd det eg har oppnådd» (Frode).*

## 6 Kjelder

- Abbott, A., Collins, D., Martindale, R. & Sowerby, K. (2002). Talent identification and development: an academic review.
- Alfermann, D. & Stambulova, N. (2007). *Career Transitions and Career Termination*. Hoboken, NJ, USA: Hoboken, NJ, USA: John Wiley & Sons, Inc.
- Alfermann, D., Stambulova, N. & Zemaityte, A. (2004). Reactions to sport career termination: A cross-national comparison of German, Lithuanian, and Russian athletes. *Psychology of Sport and Exercise*, 5, 61-75. 10.1016/S1469-0292(02)00050-X
- Allison, R. (2016). Business or Cause? Gendered Institutional Logics in Women's Professional Soccer. *Journal of Sport and Social Issues*, 40(3), 237-262. 10.1177/0193723515615349
- Ashworth, J. & Heyndels, B. (2007). Selection Bias and Peer Effects in Team Sports: The Effect of Age Grouping on Earnings of German Soccer Players. *Journal of Sports Economics*, 8(4), 355-377. 10.1177/1527002506287695
- Baker, J. & Cobley, S. (2009). What do we know about early sport specialization? Not much! *High Ability Studies - HIGH ABIL STUD*, 20, 77-89. 10.1080/13598130902860507
- Baker, J., Cobley, S. & Fraser - Thomas, J. (2009). What do we know about early sport specialization? Not much! *High Ability Studies*, 20(1), 77-89. 10.1080/13598130902860507
- Baker, J., Horton, S., Robertson-Wilson, J. & Wall, M. (2003). Nurturing sport expertise: factors influencing the development of elite athlete. *J Sports Sci Med*, 2(1), 1-9.
- Bergsgard, N. A. (2003). *Fornuft og følelser: unge, lovende idrettsutøvere på spranget til en toppidrettskarriere*. Bø: Telemarksforskning.
- Bloom, B. S. (1985). *Developing talent in young people* (1st ed.. utg.). New York: New York : Ballantine Books.
- Bourke, A. (2003). The Dream of Being a Professional Soccer Player: Insights on Career Development Options of Young Irish Players. *Journal of Sport and Social Issues*, 27(4), 399-419. 10.1177/0193732503255478
- Bronfenbrenner, U. (1979). *The ecology of human development*. Cambridge: Harvard University Press.
- Bronfenbrenner, U. (2005). *Making Human Beings Human: Bioecological Perspectives on Human Development*: SAGE Publications.
- Carlson, R. (1988). The Socialization of Elite Tennis Players in Sweden: An Analysis of the Players' Backgrounds and Development. *Sociology of Sport Journal*, 5(3), 241. 10.1123/ssj.5.3.241
- Carlson, R. (2011). Talent Detection and Competitive Progress in Biathlon - A National Example. *Polish Journal of Sport and Tourism*, 18(4), 290. 10.2478/v10197-011-0023-5
- Christensen, M. K. & Sørensen, J. K. (2009). Sport or school? Dreams and dilemmas for talented young Danish football players. *European Physical Education Review*, 15(1), 115-133. 10.1177/1356336X09105214
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode* (2. utg. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Eggen, D. (2017, 06.06.2017). Det store norske fortrinnet, kretsmodellen. Hvordan legger vi best mulig til rette for spillerutvikling i Norge? Hentet fra <https://www.fotball.no/trener/uefa-a-lisens/2017/det-store-norske-fortrinnet-kretsmodellen/>

- Enoksen, E. (2011). *Drop-out rate and drop-out reasons among promising Norwegian track and field athletes: a 25 year study*.
- Ericsson, K. A., Krampe, R. T. & Tesch-Römer, C. (1993). The role of deliberate practice in the acquisition of expert performance. *Psychological review*, 100(3), 363-406. 10.1037//0033-295X.100.3.363
- FIFA. (2001, 03.04.2091). FIFA Survey: approximately 250 million footballers worldwide. Hentet fra <https://www.fifa.com/who-we-are/news/fifa-survey-approximately-250-million-footballers-worldwide-88048>
- FIFA. (2019). *Professional fotball report 2019* (2019). Hentet fra <https://img.fifa.com/image/upload/jlr5corccbsef4n4brde.pdf>
- Gjerde, Y. (2021, 30.04.2021). Solskjær vil gjøre alt han kan for å beholde Cavani: - Han vet hva jeg føler, *VG*. Hentet fra <https://www.vg.no/sport/fotball/i/rg7kge/solskjaer-vil-gjoere-alt-han-kan-for-aa-beholde-cavani-han-vet-hva-jeg-foeler>
- Haugaasen, M., Toering, T. & Jordet, G. (2014). From childhood to senior professional football: A multi-level approach to elite youth football players' engagement in football-specific activities. *Psychology of Sport and Exercise*, 15(4), 336-344. <https://doi.org/10.1016/j.psychsport.2014.02.007>
- Haulan, C. & Sæther, S. A. (2011). Aldersbestemte fotballandslag i Norge Dette kjennetegner de selekterte spillerne i 2009.
- Henriksen, K. (2008). *Inspiration til talentudvikling : et psykologisk perspektiv* (Sport & psyke). Odense, Brøndby, S.l., Brøndby: Syddansk Universitetsforlag i samarbejde med Danmarks Idræts-Forbund Sport Study Sydfyn Team Danmark.
- Henriksen, K. (2010). *The ecology of talent development in sport: A multiple case study of successful athletic talent development environments in Scandinavia*.
- Henriksen, K. (2011). *Talentudviklingsmiljøer i verdensklasse*. København: Dansk psykologisk forlag.
- Henriksen, K., Stambulova, N. & Roessler, K. K. (2010). Holistic approach to athletic talent development environments: A successful sailing milieu. *Psychology of Sport & Exercise*, 11(3), 212-222. 10.1016/j.psychsport.2009.10.005
- Hoel, S. Y., Ekeland, H. & Barstein, T. (2019). «Ingen» trodde det var mulig, men nå har revolusjonen startet. Kvinnefotball er blitt stemplet som «umulig» å selge, men nå setter kvinnene tilskuer-, TV- og sponsorrekorder over hele Europa. Hentet fra [https://www.nrk.no/sport/xl/\\_ingen\\_-trodde-det-var-mulig\\_-men-na-har-revolusjonen-startet-1.14588889](https://www.nrk.no/sport/xl/_ingen_-trodde-det-var-mulig_-men-na-har-revolusjonen-startet-1.14588889)
- Holt, N. L. & Dunn, J. G. H. (2004). Toward a Grounded Theory of the Psychosocial Competencies and Environmental Conditions Associated with Soccer Success. *Journal of Applied Sport Psychology*, 16(3), 199-219. 10.1080/10413200490437949
- Howe, M. J. A., Davidson, J. W. & Sloboda, J. A. (1998). Innate talents: Reality or myth? *Behav Brain Sci*, 21(3), 399-407. 10.1017/S0140525X9800123X
- Høigaard, R. (2008). *Gruppedynamikk i idrett*. Kristiansand: Høyskoleforl.
- Kaelberer, M. (2019). Gender trouble on the German soccer field: can the growth of women's soccer challenge hegemonic masculinity? *Journal of Gender Studies*, 28(3), 342-352. 10.1080/09589236.2018.1469973
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.Interview[s] learning the craft of qualitative research interviewing). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.Interview[s] learning the craft of qualitative research interviewing). Oslo: Gyldendal akademisk.



- Larsen, C. H., Alfermann, D., Henriksen, K. & Christensen, M. K. (2013). Successful talent development in soccer: The characteristics of the environment. *Sport, exercise, and performance psychology*, 2(3), 190-206. 10.1037/a0031958
- Lindseth, A. & Norberg, A. (2004). A phenomenological hermeneutical method for researching lived experience. *Scand J Caring Sci*, 18(2), 145-153. 10.1111/j.1471-6712.2004.00258.x
- Madsen, C. (2020). *Norges Fotballforbund. Årsrapport 2019*. Hentet fra <https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2020/nffs-arsrapport-2019/>
- Madsen, C. (2021). *Norges Fotballforbund. Årsrapport 2020*. Hentet fra <https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2021/nffs-arsrapport-2020/>
- Martindale, R. J., Collins, D. & Daubney, J. (2005). Talent Development: A Guide for Practice and Research Within Sport. *Quest (National Association for Kinesiology in Higher Education)*, 57(4), 353-375. 10.1080/00336297.2005.10491862
- NFF. (2020). Fotball for alle. Glede, drømmer og fellesskap. Strategiplan 2020-2023. Hentet fra <https://www.fotball.no/tema/strategiplan-2020-2023/>
- NFF. (2021a). Kretslandet. Hentet fra <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/landslagsskolen/struktur-og-overordnede-rammer/#186891>
- NFF. (2021b). Norges Fotballforbund. Equinor Landslagsskole og spillerutvikling. Hentet fra <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/landslagsskolen>
- Ommundsen, Y. (2008). Hvem er talentene, må vi spesialisere tidlig, og hva er en god trener. I T. B. Johansen, R. Høigaard & J. Fjeld (Red.), *Nyere perspektiv innen idrett og idrettspedagogikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Ommundsen, Y. (2011). Spesialisere tidlig og plukke talenter - er det så lurt? I (s. S.53-68). Oslo: Akilles.
- Ould-Saada, A. B. & Aulstad, V. (2021, 04.05.2021). Brann-profiler åpner opp om «veldig usunt miljø», *VG*. Hentet fra <https://www.vg.no/sport/fotball/i/7KkljK/brann-profiler-aapner-opp-om-veldig-usunt-miljoe>
- Patrick, H., Ryan, A. M., Alfeld-Liro, C., Fredricks, J. A., Huda, L. Z. & Eccles, J. S. (1999). Adolescents' Commitment to Developing Talent: The Role of Peers in Continuing Motivation for Sports and the Arts. *Journal of Youth and Adolescence*, 28(6), 741-763. 10.1023/A:1021643718575
- Peterson, T. (2004). Selektions- och rangordningslogiker inom svensk ungdomsfotboll. *Publicerad på www. idrottsforum. org*, 08-31.
- Roderick, M. (2006). *The work of professional football : a labour of love?*
- Russel, K. (1989). Athletic talent: From detection to perfection. *Science Periodical on Reserach and Technology in Sport*, 9, 1-6.
- Schein, E. H. (1990). Organizational Culture. *The American psychologist*, 45(2), 109-119. 10.1037/0003-066X.45.2.109
- Skogvang, B. (2014). "Herrefotballnormen" gir ulik status for kvinner og menn som spiller fotball på elitenivå. I (s. 155-179).
- Stambulova, N., Alfermann, D., Statler, T. & Côté, J. (2009). ISSP Position stand: Career development and transitions of athletes. *International journal of sport and exercise psychology*, 7(4), 395-412. 10.1080/1612197x.2009.9671916
- Stolen, T., Chamari, K., Castagna, C. & Wisloff, U. (2005). Physiology of Soccer: An Update. *Sports Med*, 35(6), 501-536. 10.2165/00007256-200535060-00004
- Sæther, S. A. (2015). *Trenerroller*. Bergen: Fagbokforl.
- Sæther, S. A. (2017). *De norske fotballtalentene : hvem lykkes og hvorfor?* Oslo: Universitetsforl.
- Sæther, S. A. & Haulan, C. (2015). Den viktige kamparenaen – en oppgave for toppklubber eller aldersbestemte landslag? *Idrottsforum.org*.

- Sæther, S. A. & Mehus, I. (2016). "You're Not Born with Talent" Talented Girls' and Boys' Perceptions of Their Talents as Football Players. *Sports (Basel)*, 4(1), 6. 10.3390/sports4010006
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitative metoder* (5. utg. utg.). Bergen: Fagbokforl.
- Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utgave. utg.). Oslo: Gyldendal.
- Toppserien. (2020). Toppfotball kvinner. Hentet fra <https://toppserien.no/om-toppfotball-kvinner/>
- Torjusen, T. (2016, 20.11.2016). Om norsk toppfotball. Hentet fra <https://www.eliteserien.no/norsk-toppfotball/om-norsk-toppfotball>
- Uneståhl, L. E. (1986). *Sport Psychology in Theory and Practice*: Veje.
- Widerberg, K. & Bolstad, K. (2001). *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt : en alternativ lærebok* (Kvalitativ forskning i praktiken). Oslo: Universitetsforl.
- Williams, A. M. & Reilly, T. (2000). Talent identification and development in soccer. *J Sports Sci*, 18(9), 657-667. 10.1080/02640410050120041
- Wolfenden, L. E. & Holt, N. L. (2005). Talent Development in Elite Junior Tennis: Perceptions of Players, Parents, and Coaches. *Journal of Applied Sport Psychology*, 17(2), 108-126. 10.1080/10413200590932416
- Aalberg, R. R. & Sæther, S. A. (2016). The Talent Development Environment in a Norwegian top-level football club. *Sport Science Review*, 25(3), 159-182. 10.1515/ssr-2016-0009

## 7 Vedlegg

### Vedlegg 1: Intervjuguide

#### Intervjuguide:

I dette intervjuet ønske eg å finne ut kvifor DU nådde toppfotballen i Noreg. Eg ønske å få vite kva for eit miljø du har hatt rundt deg i din karriere som fotballspelar, og kva arenaer du meina har vært viktige for at du har nådd toppfotballen i Noreg. Prøv så godt du kan å huske kva du har vært medlem av og opplevd i din fotballkarriere. Det er bra for meg om du klarar å svare utfyllande, nøye og gjerne med eksemplar på spørsmåla, og prøv å ikkje berre svare ja og nei.

Eg vil og at du ikkje skal nemne namn på det eg spør om. Som for eksempel namn på skule, trenarar eller klubb. Dette for å ikkje kunne identifiserbare opplysningane som du kjem med.

#### Først vil eg at me skal starte å snakke om følgende tema:

##### «Din fotballkarriere og tidleg fase».

1. Kan du fortelje meg litt om korleis din karriere som fotballspelar har vært til no?
2. Har du hatt eit mål med fotballen? Når bestemte du deg for å satse på fotballen?
3. Kan du fortelje litt om kva skuleveg du valde å gå på vidaregåande, og kvifor?
4. Korleis har det vært å gå på skule og satse fotball samstundes?
5. På kva måte har det sosiale vært viktig for at du har lukkast i bli norsk ein toppfotballspelar? Eks venner og søsken
6. På kva måte har foreldre hatt noko å seie for din fotballkarriere?
7. På kva måte har trenarar hatt ein innverknad på din fotballkarriere?
8. På kva måte har idrettsorganisasjonar hatt ein innverknad på din fotballkarriere? (Eit døme på idrettsorganisasjon kan vera eksempelvis Norges Idrettsforbund, Norges fotballforbund, eller fotballkretsar).

#### No skal me over i hovuddelen av intervjuet og snakke om følgende tema:

**«Om korleis miljøet rundt deg har vært med på å utvikla deg til å bli ein norsk toppfotballspelar».**

9. Kan du fortelje litt om korleis klubbar var eventuelt flinke på følge deg opp som fotballspelar?
10. Hadde klubben eller klubbane langsiktige mål og metodar, samanhengande støtte og meldingar, vekt på passande utvikling enn tidleg utval og individuell og pågåande utvikling?
11. Har du døme på korleis klubbar eller enkeltpersonar har bidrege med ressursar i fotballkarriere? (Eks fasilitetar, utstyr, økonomi)
12. Opplevde du at klubben «hjelpete» deg med å ta steget opp til seniormiljø?
13. Har du vært ein del av eit fotballakademi eller talentsatsingsgruppe?
14. Om du har det, korleis utvikla du deg i eit slikt fotballakademi eller talentsatsingsgruppe?
15. Har du vært del av kretslag, aldersbestemte landslag eller A-landslag?
16. Om du har det, korleis utvikla du deg i eit kretslag, aldersbestemt landslag eller A-landslag?
17. Har du drevet med andre idrettar/aktivitetar?
18. Om du har det, vil du sei nokon av dei har vært viktige for din fotballkarriere? Kvifor?
19. Har du opplevd noko form for motgang i di fotballkarriere? (eks langvarig skadeavbrekk, ikkje fornya kontrakt, mistrivsel)
20. Forklar om du føle at du har blitt satsa på som fotballspelar i din karriere?
21. Kan du sei litt om kva miljø du har vært ein del av i din fotballkarriere?
22. Korleis har miljøet vært med på å utvikle deg i korte trekk som fotballspelar?
23. Kva er di meining om kva eit bra talentutviklingsmiljø er?
24. Kva tenke du om at innafor miljøet er individuell talentutvikling sett på som mindre viktig enn arbeidet med utøvars eigenskapar, den psykologiske og sosiale kompetansen?
25. Trur du at arbeid med utøvars eigenskapar, den psykologiske og sosiale kompetansen legg til rette for langstidsutvikling av utøvarane?

26. Kva tenke du om at ein idrettsutøvars individuelle utvikling og prestasjonar, lag prestasjonar i lagidrett og organisasjonsutvikling og kultur er relaterte til kvarandre og påverkar miljøet suksess?

**Me avsluttar dette intervjuet med eit spørsmål om:**

**«Di hovudmeining om kvifor du lukkast i nå toppfotballen i Noreg»**

27. Kva meina du har vært viktigast for at akkurat du har nådd toppfotballen i norsk toppfotball? Kom gjerne med konkrete døme.

**Vedlegg 2: Infoskriv og samtykkeskjema**

**Vil du delta i forskingsprosjektet:**

***“Vegen til toppfotballen”***

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskingsprosjekt kor formålet er å sjå på bakgrunnen til fotballspelarar som spelar til dagleg i øvste divisjon for menn og kvinner. I dette skrivet gir me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebera for deg.

**Formål**

Formålet med prosjektet er at eg skal gjera ein samfunnsvitskapeleg studie og vil ta for meg bakgrunnen til fotballspelarar som til dagleg spelar i toppfotballen i Noreg. Eg skal intervju 4 menn og 4 kvinner med eit kvalitativ studie med personleg intervju.

**Problemstilling er følgende:**

«Korleis kan miljø ha vært med på å utvikla norske toppfotballspelarar?»

**Underproblemstillingar:**

«Kva type bakgrunn har dei som har lukkast i når toppfotballen i Noreg?»

«Kva har norske toppfotballspelarar erfart at er gode utviklingsmiljø?»

Dette er ei studentmasteroppgåve som skal startar haust 2020 og endar vår 2021.

Eg kjem ikkje til å nytte opplysningane til andre formål enn sjølve oppgåva.

**Kven er ansvarlig for forskingsprosjektet?**

UIT – Norges Arktiske Universitet er ansvarlig for prosjektet.

**Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Eg ønska å ha deg med i studien ettersom du spelar i øvste divisjon i toppfotballen og spelar for klubben der eg har tenkt å skaffe intervjuobjekt. Og du er over 18 år.

Det skal totalt intervjuas 4 menn og 4 kvinner i studien.

**Kva innebere det for deg å delta?**

Metode som vært brukt er at eg skal gjennomføre eit personleg intervju med dei enkelte intervjuobjekta. Eg kjem til å nytte lyd opptakar ved fysisk intervju. Om det ikkje skulle vera mogleg med fysisk møte, så gjennomføre eg videomøte, der eg tar opp samtalen vår og fila blir etterpå sendt direkte til eit sikkert nettskjema. Eg har altså ikkje fila på mobilen min.

Dette kan bli aktuelt grunna Corona. Deretter å skrive ned intervjuet og nytte delar av det i masteroppgåva. Spørsmåla er om deg og din erfaring for å ha enda opp i toppfotballen.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Vist du velje å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å gi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil da bli slettet. Det vil ikkje ha noen negative konsekvensar for deg vist du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

### **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og bruker dine opplysningar**

Vi vil bare bruke opplysningane om deg til formåla me har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Kven vil ha tilgang:
- Student: Tore Kannelønning. Eg anonymiserar namnet ditt.
- Lydfil får eige namn slik at du vært anonymisert.
- Me brukar ikkje namn i lydfila.
- Eg kjem til å lagre lydfila kun på godkjent sikkert nettskjema.
- Alle filer blir sletta når prosjektet er ferdig.

### **Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysningane anonymiserast når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noe som etter planen er mai 2021. Alle intervju vært sletta og namnet ditt er anonymisert under eventuelt bruk i oppgåva.

### **Dine rettigheter**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få slettet personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå UIT – Norges Arktiske Universitet har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kor kan eg finne ut meir?**

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytta deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Student: Tore Kannelønning. Mail: [tore\\_kann@hotmail.com](mailto:tore_kann@hotmail.com). Mobil: 90941965.
- Vegleiar: Eivind Åsrum Skille. Mail: [eivind.skille@inn.no](mailto:eivind.skille@inn.no). Telefon: 62430054. Mobil: 41613946
- Institusjon: UIT – Norges Arktiske Universitet.
- Læraren min: Herbert Gottfried-Zoglowek. Mail: [herbert.zoglowek@uit.no](mailto:herbert.zoglowek@uit.no). Mobil : 78450255
- Vårt personvernombud:
- Joakim Bakkevold. Mail: [personvernombud@uit.no](mailto:personvernombud@uit.no). Teleon: 77646322. Mobil: 97691578.

Vist du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:



- NSD – Norsk senter for forskingsdata AS på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig helsing

Student: Tore Kannelønning

Vegleiar: Eivind Åsrum Skille

---

### **Samtykkeerklæring**

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*Vegen til toppfotballen*», og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i eit personleg intervju.

å delta med at det blir nytta taleopptakar ved fysisk- eller videomøte.

at opplysningar om meg publiserast i masteroppgåva, men at eg blir anonymisert.

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast frem til prosjektet er avslutta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



